

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

# LUSTRA

16. årgang

nytt

Nr. 1 • 2011



God påske!

# Ordføraren har ordet

Me har lagt bak oss ein kald og snørik vinter av den gamle sorten. Det har vore kjempeforhold for dei som har brukt skia, medan vinteren har gitt større utfordringar for andre.

I kommunesenteret har det vore stor byggeaktivitet. På Luster bad har aktiviteten vore stor. Her er det forskaling, jernbinding og betongarbeid det har gått i heilt frå oppstart. Når gradestokken kryp under -10 grader C, veit me alle at dette er ein ekstrem kald jobb. Mykje snø og is har måtta skuast bort og vorte heist vekk frå byggeplassen. Ja, slik sett vert det mykje forgjeves arbeid på vinteren. Sjølv om byggearbeidet av den grunn er nokre veker etter planen, så er ikkje det problematisk. Det viktigaste er at ein held høg kvalitet på arbeidet, og at resultatet vert godt.

Også i andre område av Gaupne er det bygging. På Helsesenteret er den nye ambulansestasjonen under oppbygging. Den eine byggekranen avløyser den andre i sentrumsbilete.

Pyramiden er inne i ei større ombygging, og den nye storbarnehagen tek form både ute og inne. I slutten av året vil barnehageungane i kommunesenteret få flytta inn i nye og topp moderne lokale.

I to av nasjonalparkane våre har dei nye nasjonalparkstyra kome på plass. I Breheimen er det tilsatt forvaltarar på begge sider av fjellet, og i Luster er forvaltarstillinga plassert på Rådhuset. Styret har allereie hatt fleire møte, og me er sjølv sagt alle spente på korleis den nye forvaltningsmodellen vil virka. Lokal forvaltning høyrest fint ut, men spørsmålet blir kor realistisk dette vert. I styra er det primært ordførarane frå deltagarkommunane som er valde inn. I og med at dette er eit styre samansatt av politikarar, må ein forventa at det er mogleg å bruka politisk skjønn i styringa. Ei oppstarts samling på Røros samla ca 300 deltagarar, så dette synar at interessa er stor.

Luster er ein nasjonalparkkommune med over 50 % av arealet verna. Me er ein av dei få kommunane som har tre nasjonalparkar innan våre grenser. Målet vårt framover må vera å nytta denne statusen som ei merkevare i turistsamanheng. Korleis kan me brukha verneområda på ein slik måte at me samtidig tek vare på naturen for dei komande slekter?

”Naturarven som verdiskapar” er eit prosjekt som omfattar heile kommunen der idédugnaden er viktig. Her gjeld det å få i gang næringsutvikling i og omkring verneområda.

Opningsseremonien på VM i Oslo vart ei spesiell oppleving for mange av oss. Alle ordførarar i landet var inviterte til opningsmarkeringa, og 360 av i alt 429 ordførarar møtte fram. Pynta med kvar vår ordførarkjede stilte me opp i prosesjon bak i det store barnetoget som svinga inn på universitetsplassen under



opninga. Dette var eit symbol på at Oslo, hovudstaden vår, er noko me alle kommunar har ein eigarskap til. Dette er noko me har felles, og det var oppmøtet eit klart bevis på. Etter ei heller kald men minnerik oppleving ute i ”finstasen”, gjekk turen til Rådhushuset med middag for over 600 inviterte gjester. Kongehuset var med og kasta glans over samlinga. Kjekke minne å ta med vidare.

Eit imponerande VM-arrangement vart avvikla dei neste dagane. Sjølv med store mengder gjester, vart køane takla på ein smidig måte. Her var svært mange frivillige hjelparar. Saman med dei mange dyktige utøvarane, ikkje minst våre eigne norske, vart dette nok eit historisk VM.

Samhandlingsreforma opptek mange, men lite konkret har kome så langt frå dei styrande. Det er enno ikkje kome avgjerd i sjukehusstrukturen i fylket, og dette ligg som ei klam hand over samarbeidet mellom kommunane og regionane. På heimebane vert det likevel jobba med oppgåver som kommunane må overta, og planlegginga av ein korttidsavdeling i Gaupne for å gjera fleire sjukehustenester lokalt, er på arbeidsblokka. Dette vil gje dei tilsette nye og meir utfordrande arbeidsoppgåver, og vert helsa velkommen av dei tilsette. Ein del av oppgåvene kan kommunen løysa åleine, medan andre tyngre oppgåver krev samarbeid med nabokommunar eller større løysingar.

Kommunevalet til hausten opptek sjølv sagt alle partia. Dei fleste nominasjonskomiteane er ferdige med arbeidet sitt, og listene er klare. I Luster ser det bra ut i det politiske mangfaldet. Alle dei politiske partia har fått sett opp lister, og det har ikkje vore vanskeleg å få namn på listene. Me trur at prosjektet ”Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken” har vore med og påverka listeresultatet. Det er fleire kvinnelege toppkandidatar, og kvinnene har vorte meir bevisste på at det skal vera plass til alle i politikken.

Me håpar no på ei variert og god samansetning av det nye kommunestyret. Det er kjekt å vera politikar i Luster. Me har ein kommune med økonomiske musklar, og kommunen er styrt på ein god måte.



## Kjell Sverre Snøtun ny økonomisjef

Kjell Sverre Snøtun (57), Jostedal, er tilsett som ny økonomisjef i Luster kommune. Kjell Sverre arbeider i dag ved rådmannen sin egedomsstab, og arbeidde før det som økonomisjef og direktør ved Simas IKS. Kjell Sverre er utdanna ingeniør og siviløkonom og har brei yrkeserfaring. Han vil tiltrer som økonomisjef 2. mai 2011. Dagens økonomisjef, Jan Kåre Norberg, går frå same dato over i ei retrettstilling hos rådmannen.

Politikarane har vågd å satsa på nye og framtidsretta tiltak som gir innbyggjarane tru på framtida, og ein svært så dugande administrasjon føl opp dei politiske vedtaka. Det er eit godt samspel mellom politikk og administrasjon, betre enn gjennomsnittet på landsplan viser ny undersøking. Og sjølv om den økonomiske satsinga har vore stor den seinare tida, viser rekneskapen eit solid overskot for 2010.

Me har ein kommune der det skjer spennande utvikling både på næringsfronten, innan folkehelsearbeidet og fritidsaktivitetar. Me legg til rette for gode tenester på alle område, slik at folk skal trivast og ikkje minst at nye skal flytta til. Dei to siste åra har me hatt ei imponerande tilflytting til kommunen, og det er gledeleg. Ein slik positiv trend ynskjer me skal halda fram.

God påske til alle !

*Torodd Urnes*



## Gunnhild Holen vert styrar i ny barnehage i Gaupne

Gunnhild (36) arbeider i dag som styrar i ein tilsvarande stor barnehage i Oslo kommune. Ho er fødd og oppvaksen i Sogndal, utdanna forskulelærar og har arbeidd nesten 10 år som pedagogisk leiar og seinare styrar i Oslo. Den nye barnehagen i Gaupne, som vil ha 108 plassar, er no under bygging. Barnehagen vil venteleg opne ca. 1. november 2011.

Barnehagedrifta ved dagens to barnehagar i Gaupne vil samtidig bli avvikla. Gunnhild vil tiltrer styrarstillinga i den nye barnehagen i god tid før opninga, og vil også ta del i arbeidet med å førebu drifta.



Følg Luster kommune  
på facebook



Rådmannen har ordet:

## Gjev folketalsvekst betre kommuneøkonomi?

Bergens Tidende skreiv 27. februar 2011 følgjande om folketalsutviklinga i fylket vårt (2010):

*"Førde, Sogndal og Luster veks mest. Sogndal med nabokommunar har større folketalsvekst enn Førde med omland. Luster og Leikanger peiker seg ut som dei einaste kommunane der norske tilflyttarar bidreg meir til folketilveksten enn tilflytting frå utlandet."*

På same tid vart eg intervjuav NRK Sogn og Fjordane om rekneskapen vår for 2010. Og då kom det nær sagt vanlege spørsmålet: Er det ikkje ein samanheng mellom folketalsvekst, meir skatt og gode rekneskapsresultat?

Svaret er at fleire innbyggjarar til vanleg gjev meir skatt, men nødvendigvis ikkje betre rekneskapsresultat. Dersom det var slik, ville jo vekstcommunane gå til himmels og nedgangskommunane ende opp ein heilt annan

stad. Og slik er det jo ikkje! Den enkle forklaringa er at når folketalet og kommuneskatten aukar, så aukar også kommunen sine utgifter. Rekneskapsresultat vert betre dersom samla inntektsvekst er større enn samla utgiftsvekst. Elles ikkje. Men det er meir komplisert enn som så: Stortinget har fastsett korleis inntektene i kommunesektoren skal fordelast. Og systemet er slik at når ein kommu-

ne får ein skattevekst utover det vanlege, må kommunen - eit stykke på veg - dele ekstrainntekta si med andre kommunar. Slik er det også for Luster. Og om det ikkje var nok: Også rammetilskotet, den nest største inntekta vår, vert påverka av utviklinga i folketalet. Dette tilskotet vert fordelt slik at kommunane skal kunne yte "likeverdige tenester", trass i ulik demografi (aldersfordeling) og ulik

### Aldersgrupper (år)

Aldersgrupper (år)	Endringar 2008-11
Førskulealder (0-5)	Personar 10 Prosent 3
Grunnskulealder (6-15)	8 1
Vidaregåande skule (16-19)	- 25 - 8
Yrkesaktive (20-66)	130 5
Unge eldre (67-79)	43 9
Eldre (80 år og meir)	- 13 - 4
Alle	153 3

### Endringar 2008-11

Personar	Prosent
10	3
8	1
- 25	- 8
130	5
43	9
- 13	- 4
153	3

geografi (busettingsmønster). Rammetilskotet går opp med god folketalsvekst, men berre dersom vi har vekst blant dei yngste og dei eldste. Og det er jo for så vidt rimeleg, sidan det er desse gruppene vi yter mest tenester til.

Og på toppen av dette:

Storleiken på utgiftsveksten vil kunne variere sterkt med ein del lokale forhold. Må vi t.d. opprette fleire klassar i skulen, eller har vi ledig kapasitet innafor dagens tilbod? Har vi areal og tilsette nok i barnehagane, eller må vi tilsetje fleire og kanskje til og med byggje nytt? Og kva skjer når eldre lusteringar flyttar heim? Dei er sjølv sagt velkomne, men vil - som alle andre - etter kvart ha behov for kommunale pleie- og omsorgsyttingar.

Luster har frå 2008-11 (3 år) hatt ein vekst i folketalet på 153 personar (vel 3%). Denne veksten fordeler seg slik på dei ulike aldersgruppene:

#### Tabellen viser følgjande:

Gruppa i førskulealder (0-5) veks i takt med folketalet.  
Gruppa i grunnskulealder (6-15) har relativt svak vekst.  
Gruppa i vidaregåande skule (16-19) har kraftig nedgang.  
Gruppa i yrkesaktive alder (20-66) har kraftig vekst.  
Gruppa av unge pensjonistar (67-79) har kraftig vekst.  
Gruppa frå 80 år og over har nedgang.

Luster kommune har i mange år hatt ei aldersfordeling som er ulikt gjennomsnittet for norske kommunar. Vi har hatt relativt mange unge og eldre og tilsvarende færre i yrkesaktiv alder. Kan det som no skjer vere eit teikn på at aldersfordelinga er i ferd med å "normalisere seg"? *Men kva så med kommuneøkonominen?*

Sjølve alderssamansetjinga viser god vekst blant dei som betalar mesteparten av kommuneskatten – nemleg dei yrkesaktive. Men denne skatteveksten må vi altså dele med alle andre. Vidare har vi svak eller ingen vekst i dei gruppene som kunne ha løfta rammetilskotet – dei yngste og dei eldste. Dette fekk eg sjølv sagt ikkje sagt i ovannemnde NRK-intervju, for slike intervju tek jo berre 1 minutt og 2 sekund. Dessutan er det jo litt komplisert! Konklusjonen er likevel enkel: Fleire innbyggjarar er kjempebra og kommunen sin økonomi vert "større". Men om han vert betre eller blir dårligare? Neppe nokon av delane. For vi skal jo heile tida kunne yte "likeverdige" tenester – slik staten vil!

God påske til alle!

## Folketalsutviklinga i Luster kommune

Folketal pr.01/01 -97:	5115
Folketal pr.01/01 -98:	5095
Folketal pr.01/01 -99:	5035
Folketal pr.01/01 -00:	5003
Folketal pr.01/01 -01:	4954
Folketal pr.01/01 -02:	4968
Folketal pr. 01/01-04:	4926
Folketal pr. 01/01-05:	4927
Folketal pr. 01/01-06:	4889
Folketal pr. 01/01-07:	4884
Folketal pr. 01/01-08:	4870
Folketal pr. 01/01-09:	4879
Folketal pr. 01/01-10:	4945
Folketal pr. 01/04-10:	4959
Folketal pr. 01/07-10:	4980
Folketal pr. 01/10-10:	5007
Folketal pr. 01/01-11:	5023

#### Endringar i 2010 :

Fødde:	47
Døde:	59
Innflytte:	182
Utflytte:	103

**Kjelde:** Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.  
NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.



Leikanger, Luster og Sogndal

## Luster takkar nei til utgreiing om kommunesamanslåing

Kommunestyret i Sogndal har invitert nabokommunane til i fellesskap å utgreie konsekvensane ved ei kommunesamanslåing mellom Leikanger, Luster og Sogndal.

Kommunestyret i Luster har drøfta saka og er av den oppfatning at kommunane våre er relativt ulike når det gjeld storlek, busettingsmønster og eksterne rammevilkår. Luster takkar nei til utgreiingsarbeid, men håpar at det gode samarbeidet kommunane har kan halda fram og utviklast vidare.



# Borghild Hess 100 år

Det var ei opplagd og vaken hundreåring som møtte gjestene sine på kaffistova ved Hafslø Omsorgsenter tysdag, 8. februar. Saman med nærmaste familie og dei andre bebuarane på avdelinga, hadde me ei fin samling. Ordføraren måtte sjå seg godt rundt for å finna heidersgjesten, for her var det ingen som skilde seg ut for å vera eldre enn dei andre.

## Utdrag frå ordføraren sin tale:

### *Til lukke med dagen Borghild !*

Ikkje mange blir 100 år, men du er ein av dei. Det er kjekt å sjå at du er frisk både i kropp og sjel. Eg høyrdet at i januar så leigde du Lyngmo for å halda misjonsmøte, og det er imponerande i ein slik alder. Når ikkje krefte strekk til lengre til baking og tilstelling, så går det an å gjera det på denne måten. Dei trufaste misjonskvinnene er gull verdt for misjonen.

På laurdag skal du feira på Lyngmo saman med slekt og vene.

Gratulera også til dine som du har rundt deg. Kjekt å ha ei mor med god helse som kan feire 100 år.

100 år er ein lang bolk, og det er grunn til å feira. I kommunen har me tradisjon på at ordføraren møter opp og kjem med ei helsing og ein blomst frå kommunen på hundreårsdagen. Slike hendingar skjer ikkje så ofte, så derfor har eg pynta meg også med ordførarkjeda til æra for deg

Å sjå hundre år fram, virkar som ein veldig lang tidsbolt, men eg er sikker på at når du ser tilbake på arbeidsdagen, ungdomen, barndomen så tykkjer du ikkje det er så lenge. Du kan sjå tilbake på eit langt liv, lengre enn dei aller fleste.

Igjen til lukke med 100 års dagen, Borghild. Måtte du framleis få mange fine dagar framover, og nyta dei.



# Amalie Hauge 100 år

Enno eit kjekt ordføraroppdrag å vera med på. Denne gongen var det Amalie Hauge frå Hafslø som feira 100 år saman med sine nærmaste og bebruarane rundt henne ved Luster omsorgsenter. Det var igjen ei imponerande sprek hundreåring. Amalie flytta seg lett frå den eine stolen til den andre, høyrd rimeleg godt og les både helsingar og avisar utan briller. ” Eg har det så godt her inne, ingen ting å klaga over. Eg har ikkje noko å vera sur for.” Dette var kommentaren frå Amalie.

## Utdrag frå talen:

*Gratulera med dagen Amalie. Dette er ein stor dag for deg og oss alle.*

Ikkje mange blir 100 år, men du er ein av dei. Kjekt å sjå at du ser så frisk og nøgd ut. Eg høyrer at du trivest godt inni Luster. Ja, så pass godt at du tvilar på om det kunne vore betre på Hafslø. Det er sjølv sagt kjekt å høyra at du trivest og er nøgd med dei tenestene du får.

Såg eit fint bilete i avisar og at du skal feira på Lyngmo på laurdag saman med slekt og

vener. Det er sprekt. Kunne ikkje tru at det var bilete av ei på 100 år.

Gratulera også til dine som du har rundt deg. Kjekt å ha ei mor/svigermor med så god helse som kan feire 100 år.

Det er no to damer frå Hafslø som er over 100 år. Spørsmålet blir då: Kva er det som gjer at folk på Hafslø blir så gamle?

Du har i alle fall ikkje sete på stas. Då eg begynte som dyrlege for mange år sidan, var du ei aktiv budeie – ei med futt i. Du hadde alltid god oversikt kva som skulle gjerast i fjøset. Du var alltid heima når noko stod på, og du var god å ty til når ingen andre hadde tid. Vaskefat, såpe og handduk var alltid på plass. Kjekke minne.

Igjen til lukke med 100 års dagen, Amalie. Flott at du får vera åndsfrisk og følja med kva som skjer, det er ei gåva. Misjonsarbeidet har alltid vore sentralt i livet ditt, og du er framleis aktivt med på foreningsmøta. Håpar du framleis får mange fine dagar framover.



# Tonereise kulturprisvinnar 2010

- Kulturprisen for 2010 vert i år tildelt ei gruppe personar som gjennom tonar og tekstar fører vidare ein kulturskatt av store dimensjonar, nemleg arven etter Ragnar Vigdal. Denne gruppa tel i dag sju medlemmar og har gjennom sitt engasjement og store aktivitet vore med og sett Luster på kartet.

Medlemane er: Klaus Vigdal, Ragnar Vigdal, Erling Vigdal, Tor Magne Kvamsdal, Asbjørn Handeland, Arve Lomheim og Hans Arvid Wassvik, sa ordførar Torodd Urnes då han delte ut kulturprisen under kommunestyret sitt julemøte.

- Det starta med Vigdal Symposium der Klaus Vigdal var

sentral, og representerte familien og etterkomarane etter faren, Ragnar Vigdal. Omlag samtidig vart sonen Erling Vigdal engasjert musikalsk i Absolute Blues.

Tonereise vart for alvor eit namn i det lokale og nasjonale musikkmiljøet etter innspelinga av den første CD-en som symbolsk skulle bli heitande Arven. Her har gruppa Tonereise introdusert eit publikum for både den tradisjonelle, religiøse folkemusikken og den noko meir vidareutvikla song- og musikkforma som også skulle bli gruppa sitt varemerke. Namnet Tonereise er også eit namn med eit spesielt innhald, og ein arv etter Ragnar Vigdal si plate med same namn. Gruppa har hatt eit fast mannskap heile tida ho har eksistert, men Hans Arvid Wassvik kom først med som "gjesteartist" i gruppa frå 2006, og som fast medlem frå 2008.

For gruppa har det vore eitt overordna mål å videreføre denne melodilinja og kulturarven som Ragnar hadde eksponert. Men samtidig har det også vore eit

visst mål å kunna utvikle si eiga form og sin eigen stil som eit forsøk på å få ungdom og andre til å høra på. Tonereise er likevel rimeleg allsidige når det kjem til musikalsk repertoar, og spelar det meste. Ein raud tråd, er den musikalske "dåmen" som Ragnar brukte å definere den som, gjennom tradisjonell folkemusikk, folketonar og salmeskatt.

Arrangementa med Tonereise har etter kvart vorte mange, og gruppa har fått oppdrag både i kulturhus, kyrkjer og på musikk-festivalar. Plateproduksjoner tel i dag to CD-ar. Den første som me har nemnt, Arven, kom i 2007 og Lekmann i 2009. Melodiar frå desse produksjonane har vorte C-lista i NRK P1 og såleis nådd ut til eit stort publikum nasjonalt. Gjennom sine turneaktivitetar og studioarbeid har Tonereise skaffa seg eit namn i musikkmiljøet på landsplan. Platesalet har til no dekka lånet med å finansiere produksjonane + ein reserve til å koma i gang med dei neste studioinnspelingane. Lokalt næringsliv



Gruppa Tonereise vart Kulturprisvinnar 2010. Ordførar Torodd Urnes (t.v.) stod for utdelinga. Vidare f.v.: Tor Magne Kvamsdal, Asbjørn Handeland, Erling Vigdal, Arve Lomheim, Klaus Vigdal og Ragnar Vigdal. Ikkje til stades: Hans Arvid Wassvik.

og kommune har vore med å støtta denne plateproduksjonen og marknaden i heimefylket har teke vel i mot Tonereise. Likevel har dei landsdekkande turneane til no ikkje fått plass i tidsplanleggjaren til gruppa. Utsiktene er likevel gode etter at Folkeakademiet har valt Tonereise som del av den kvalitativt sila Kulturmenyen.

Det å skape kultur på denne måten er både eit resultat av godt kameratskap, musikalsk evne og innsikt, men også det enkle tilhovet i å like å opptre for eit publikum. Utfordringane ligg der sikkert framleis på fleire ulike område og nivå. Ei sentral utfordring er dette med å bli promotert og gitt hove til å opptre for eit publikum som set pris på denne musikken. Av konkrete framtidssplanar vert det no arbeida på tre plan: turnear, juleplate i 2011 og prosjektet Tonereise m/venner.

# Idrettsmerke-utmerkingar

I samband med Luster idrettsråd sitt årsmøte torsdag den 24. mars 2011 vart det føreteke utdeling av idrettsmerkeutmerkingar etter avgelte merkeprøver i 2010. Det er endringar i reglementet, som er gjort gjeldande for utmerkingar oppnådd i 2010. Miniatyrstatuett etter 30 gonger går ut og Heidersprisen kjem inn i stanen.

Dette inneber at ein merketakar oppnår Heidersprisen etter 30 gonger, og som ein konsekvens av dette har dei som har 31, 32, 33 eller 34 gonger pr. 01.01.2010 oppnådd kravet til heiderspris og kan få denne utdelt i 2011. Heidersprisen er den utmerkinga som ”heng høgt”, og som har vore målet for alle

merketakarar. Etter gamal ordning var det ikkje utmerkingar å hente etter at ein hadde oppnådd heidersprisen. Reglementet er no endra og ein kan fortsetja å ta idrettsmerket og få 40 års merke og diplom etter fullførte merkeprøver 40 gonger, 50 gonger og 60 gonger.

Denne endringa er bakgrunn for at so mange som seks merketakarar frå idrettslaget Bjørn oppnådde kravet til heidersprisen etter avgelte merkeprøver i 2010. Desse var: Jan Bjørn Sørensen, Arne Nesheim, Knut Cotta Schønberg, Kristoffer Melheim, Marta Marie Bukve og Sverre Bukve.



Tre av merketakarane fekk utdelt heidersprisen på årsmøtet til idrettsrådet. F.v. Sverre Bukve, Marta Marie Bukve og Knut Cotta Schønberg. I tillegg mottok Liv Helen Nystuen 40 års-merke og diplom.

# Plan informerer

Det er stor aktivitet når det gjeld planarbeidet i kommunen og fleire planar står på trappene for oppstart. Fylgjande kommunale planar er no under arbeid i kommunen.

## 5 reguleringsplanar

For tida er tre nye bustadområde i kommunen under planlegging, eit på Hafslo og to i Gaupne. Dei to andre planane er mindre endringar av eksisterande planar for å få plass til ambulansegarasje, ballbinge og eit mindre næringsområde.

### Bustadområdet Beheim 2 på Hafslo

Planområdet ligg aust for det eksisterande byggefeltet Beheim. Planarbeidet er i full gang og framlegg til plan er lagt ut til offentleg ettersyn. Den utlagde planen viser ei utbygging på 43 einebustader og 28 bueiningar i terassehus/rekkehus. Bygging av terrassehus er noko nytt i Luster kommune. Planarbeidet vert utført av Asplan Viak.

### Bustadområdet Verket 2, Gaupne


Området ligg mellom Engjadalsvegen og Engjadalselva. Hovudføremålet med planen er å leggja til rette for bustadbygging. Det er meldt oppstart av planarbeidet.

### Bustadområdet Salen, Gaupne

Det er meldt oppstart av planarbeidet for dette området som ligg i nedkant av byggefeltet i Røslebakkane. Hovudføremålet med planen er å leggja til rette for bustadbygging.

### Ambulansegarasje Gaupne sentrum

Planen omfattar eit lite område



*Terassehus slik det er foreslått i det nye bustadområdet, Beheim 2, på Hafslo.*

mellan helsesenteret, Pyramiden og Øyagata. Området er i dag regulert til parkering og park. Planarbeidet er i full gang og framlegg til plan er lagt ut til offentleg ettersyn.

### Endring av reguleringsplan Galden nord, Hafslo.


Endring av denne planen vart varsle i juli, 2010. No er det sendt ut nytt varsel om oppstart

fordi området har vorte utvida noko og fordi ein også ynskjer å få plass til eit område for næring i dette området. I tillegg ynskjer ein å leggje til rette for plasering

av ballbinge/nærmiljøanlegg innanfor området. Området er i dag regulert som spesialområde, friluftsområde/hjortetrekk og byggeområde for allmennytting føremål og forretning/kontor.

### Kommuneplan

Arbeidet med ny kommuneplan har starta opp. Noverande kommunestyre utarbeider ei kommuneplanmelding basert på gjeldende kommuneplan. Meldinga vil innhalda ei evaluering av kommuneplanen med råd til nytt kommunestyre. Arbeidet med Kommunal Planstrategi startar opp i november.



*Området det er aktuelt å regulere.*

# Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2012 – 2023

Luster kommune skal revidere gjeldende kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Som for andre kommunale planar har publikum høve til å engasjere seg og koma med innspel til planarbeidet. Alle innspel fra lokale idrettslag og lokale medlemsorganisasjonar innan Noregs Idrettsforbund skal samordnast gjennom Luster idrettsråd.

Fristen for å koma med innspel til planen er 1. mai 2011.



Alle innspel skal registrerast på eige skjema. Informasjon om planprosessen, og korleis eit innspel skal registrerast, får du ved å gå inn på kommunen si heimeside <http://www.luster.kommune.no>

Kontaktperson for det lokale planarbeidet er Erling Bjørnetun, tlf. 57 68 55 21.

## Tryggare busslomme på Skjolden

Luster kommune har fått tildelt fylkeskommunale trafikktryg-

### Kommunedelplan for mineral-ske råstoff

Planen omfattar alle større uttak av stein og lausmassar (sand og grus) i kommunen. Planen vert lagt fram for formannskapet i vår.

### Kommunedelplan for trafikk-trygging

Arbeidet med å revidera planen har starta opp og ein startar no å gå gjennom innspel som innbyggjarane i kommunen har komme med.

### Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar

Plan har laga ein communal rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar. Denne er å finne på kommunen si heimeside.

gingsmidlar til flytting og oppgradering av busslomme på Skjolden.

Midlane frå fylkeskommunen utgjer omlag halve kostnaden med prosjektet.

Busslomma skal flyttast noko nærmare vegen til Mørkridsdalen,

tilkomst frå Bolstad skal byggjast og siktforholda attende mot Fortun betrast.

Gangfeltet over fv.55 vert flytt samstundes.

Dette arbeidet vil gjere sentrumsopprustinga på Skjolden endå betre.



# Oppdatering prosjekt

## Gaupne barnehage

Gaupne barnehage skal gi plass til 108 born fordelt på fem avdelingar. Bygginga starta opp sommaren 2010. Bygget er ferdig reist og ein er i full gang med innreiing og tekniske installasjonar.

Utomhusarbeidet startar opp så snart veret tillet det.

Barnehagen er planlagt ferdig i november 2011.



## Ambulansestasjon ved Helsecenteret

Arbeidet er godt i gang. Biletet syner nytt betongdekk over 2. etg. Hans Nes Bygg AS er hovudentreprenør, sideentreprenører er GK Norge AS, Holen Installasjon AS og Røyrleggjarservice Ola Skophamar AS.

Innvendig oppgradering av ventilasjons og oppvarmingssystem på helsecenteret pågår også for fullt, og skal vere ferdig til påske.

## Omsorgsbustadene i Gaupne

Omsorgsbustadane er no tilnærma ferdige og ein planlegg innflytting i midten av april.

Uteområdet står att, men skal vere ferdig opparbeida i slutten av mai.





# Luster bad reiser seg frå bakken!

Den viktigaste støypeoperasjonen på Luster bad vart utført 3. mars 2011. Då vart veggane og rennene rundt hovudbassenget støypt. Det gjekk med om lag 87 m<sup>3</sup> betong i denne støypen. I om lag 2 månader har forskalings- og armeringsarbeidet til hovudbassenget pågått. I tillegg har det i vinter vore arbeidd for fullt med yttervegger, tankvegger og innervegger i underetasjen. Fram til påske vil støyping av dekke over underetasjen pågå. Etter påske vil så arbeidet med støyping av yttervegger i 1.etasjen starta opp, og då vil bygget "reisa seg" opp frå grunnen. Rundt sommarferien vert dei prefabrikkerte betonelementa på taket montert, og i løpet av ettersommaren vil bygget få tett tak. Tidleg sommar startar òg arbeidet med tekniske installasjonar i underetasjen, og dette

arbeidet vil pågå for fullt heilt fram til våren 2012. Flisarbeidet startar uthåst og vil vare heile vinteren i lag med montering av inventar og utstyr. Bygget skal etter planen vere klart for overtaking i løpet av våren 2012, og etter ein prøvedriftsperiode vil Luster bad bli opna – i andre halvår 2012.

## Langvarig kulde

Framdrifta i vinter har vore noko seinka grunna kraftig og langvarig kulde og mykje nedbør i form av snø og is. Dette har medført ekstra arbeid for entreprenøren i samband med fjerning av snøen og isen inne på byggeplassen. Sogn Entreprenør AS har likevel greidd å halde ei god framdrift, og er nesten i rute. Det er gjort eit godt og fagmessig arbeid og dette lover godt for den endelege kvaliteten

på bygget. Norconsult AS (rådgjevande ingeniør bygg) har og gjort eit grundig og godt prosjekteringsarbeid.

Luster kommune har òg tett oppfylging av bygget. Harald Fimreite er prosjektleiar.

Johannes Øygarden, som byggleiar, er dagleg innom byggeplassen for å fylgja opp dei ulike tekniske utfordringane som skal løysast med dei involverte entreprenørane.

Økonomien i prosjektet er i rute. Arbeidet med driftsmodell er òg starta opp. Luster kommune arbeidar vidare med ev etablering av eit bioenergianlegg som kan forsyna Luster bad og Luster ungdomsskule med fjernvarme. Truleg vil konkurransen rundt denne varmeleveransen koma ut i løpet av sommaren.

# Engjadalselvi vert ikkje utbygd

NVE avslo 1.06.2010 søknaden frå Luster Småkraft AS om bygging av Engjadalselvi kraftverk. Avslaget var grunngjeve med at NVE meinte kriteria i vassressurslova § 25 om at konsesjon berre kan gjevast dersom fordelene ved tiltaket overstig skader og ulemper for ålmenne og private interesser som vert berørde i vassdraget eller nedbørfeltet, ikkje var oppfylt. Det var då lagt vekt på at:

- Fjerning av vatn frå elva vil redusera opplevingane av fossestryka som kan sjåast frå store deler av bygda
- Tekniske inngrep i det bratte terrenget ned mot Gaupne sentrum i samband med legging av røyrgate slik det går fram av søknaden, vil etter NVE si oppfatning medføra betydelege inngrep og ha store negative konsekvensar

for området sin landskapsverdi.

Luster Småkraft klaga på vedtaket og kom med forslag til endringar i utbyggingsplanane for å imøtekoma arguminta for avslaget. Dei endra utbyggingsplanane gjekk på auka minstevassføring, å leggja ein del av vassvegen i tunnel samt å flytta kraftstasjonen. Etter å ha fått den justerte planen på høyring, gjekk Luster kommunestyre den 28.10.2010 imot at

*det vart gjeve konsesjon for utbygging av Engjadalselvi etter justert søknad frå Luster Småkraft. Vedtaket vart gjort*



*med 16 mot 9 røyster.*

Den 6.12.2010 har Luster Småkraft i brev til Olje- og Energidepartementet trekt klagen. Vedtaket er såleis endeleg.

## Høyringssak

### Kommunen seier nei til utbygging av Øyane og Illvatnet i Fortun

Hydro har søkt konsesjon for utbygging av Øyane og Illvatnet i Fortun. NVE har sendt søknaden til kommunen for at kommunestyret skal få uttale seg.

Kommunestyret hadde ein lang og engasjerande debatt i saka i februar. Etter at fleirtalet i formannskapet opna for ei utbygging både av Øyane og Illvatnet var det andre synspunkt som kom fram etter at partia hadde hatt gruppemøte på saka.

Både lokalavis, lokalradio og Nrk Sogn og Fjordane var møtt fram for å dekke saka. Fortunsdøler viste også si interesse ved å møte kommunestyret og media denne dagen.

Arbeiderpartiet, Sv, Krf og Høgre vart fleirtalet i saka med 16 røyster:

*"Luster kommunestyre sitt standpunkt er at utbyggingssøknadene for Øyane kraftverk og Illvatn pumpekraftverk må sjåast i samanheng med og stillast i bero inntil det føreligg søknad om fornying av gjeldande konsesjonar for Fortun-vassdraget. Først då vil ein kunna føreta ei samla vurdering av no omsøkte utbyggingar og tidlegare utbyggingar i tråd med naturmangfaldlova sin § 10."*

Mindretalalet på 13, Senterpartiet, Venstre og Frp ville derimot sei nei til Øyane kraftverk men opne opp for Illvatnet på visse vilkår.

#### Vidare saksgang

NVE skal gje si tilråding til Olje- og energidepartementet som tek avgjerd i saka.

# Samarbeid om brann og redning

I januar signerte ordførarane i Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster avtalen om ei felles brann- og redningstestenste. Det nye interkommunale selskapet har fått namnet Sogn brann- og redning IKS, og den "nye brannkommunen" tek til å gjelde frå 1. mai 2011.

Større krav til kommunane innan brannvern, førebygging og tilsyn, og ønskje om eit sterkare fagmiljø ligg bak etableringa av dette selskapet.

## Ny brannsjef

Det er også tilsett ein felles brannsjef, Hans-Morten Blikseth, som fram til 1. mai skal gjere seg kjend med ordningane i dei ulike kommunane, innleie samarbeid, og sjå til at alt er på plass når den nye ordninga trer i kraft.

Sidan der er fem kommunar med fem ulike ordningar som skal etablere ein lik praksis, er det viktig å sjå ein heilskap og bruke ressursane på rett måte, sa Blikseth då han presenterte seg for ordførarane. Men i første omgang vil ikkje folk merka noko endring.

Den nye brannsjefen er fra Lena på Toten og har lang erfaring frå både Forsvaret og kommunal forvaltning, også som brannsjef.



*Ordførarane i dei fem samarbeidande kommunane signerer samarbeidsavtalen. F.v. Einar Målsnes, Balestrand, Olav Lunden, Leikanger, Marta Finden Halset, Vik, Torodd Urnes, Luster, og Jarle Aarvoll, Sogndal.*

## Bakgrunn

Det var kommunane Luster, Leikanger og Sogndal som tok initiativ for å få etablert eit interkommunalt samarbeid innan brannvern. Utover i prosessen gav Vik og Balestrand melding om at dei også kunne tenkje seg å vere med i samarbeidet.

Frå sentralt hald er det både gjennom stortingsmelding, regelverk og ved tilsyn gjeve sterke føringar om at dei mindre kommunane skal søkje eit tettare samarbeid med nabokommune sine for å løyse dei oppgåvane som er lagt til brannvesenet. Det vart starta eit forprosjekt i 2009, og seinare vart det lagt fram ein hovudprosjektrapport. Kommunestyra i dei fem kommunane gjorde vedtak om å slutta seg til eit slikt samarbeid i desember 2010.

Alle tenesteområda innan brannvernet, førebyggande, tilsyn, feiing, vakt og beredskap, vil inngå i samarbeidet og det vil verte utarbeidd ny brannordning. Avstandar og krav til innsatstid er slik at beredskap med utrykningsmannskap framleis vil verte organisert med utgangspunkt i brannstasjonar i kvar kommune.

Representantskapen i det nye selskapet hadde også sitt første møte i det nye selskapet på signeringsdagen 25.januar. Her vart ordførar Einar Målsnes, Balestrand, vald til leiar av representantskapen og rådgjevar Jarle Skartun, Luster, vart vald til styreleiar. Hovudkontoret for den nye administrasjonen vil vere i Sogndal.



*Hans-Morten Blikseth er tilsett som brannsjef i den "nye brannkommunen". Her poserer han i framgrunnen med dei fem samarbeidande ordførarane.*

# Unike ungdomar i Luster Stemmerett som 16- og 17- åringar ved kommunevalet

Det er april månad i valåret. Partia har levert sine framlegg til vallister og alle 16- og 17 åringane har delteke i demokratiopplæring i 10. klasse på ungdomsskulen. Kva no? Kva skjer vidare? Vil ungdomane i Luster bruke stemmeretten sin?

Luster er ein av 20 kommunar i landet som deltek i forsøket med stemmeretsalder 16 år, einaste kommunen i Sogn og Fjordane. Deltakinga i desse kommunane vil bli nøyne vurdert når Stortinget skal ta stilling til om stemmeretsalderen skal setjast til 16 år i alle kommunar. Mange vil følgje nøyne med på valdeltakinga og valresultatet i Luster!

**I mai møter ungdomen partia**  
Ungdomen sitt kommunestyre vil arrangere møte mellom ungdom og partia for å fortelje partia kvar og korleis dei bør jobbe for å nå ungdomane med bodskapen sin. Det blir også jobba med å få Barneombodet og LNU (Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar) til å delta på denne samlinga for å inspirere til deltaking ved valet. Facebook blir garantert tema. Arrangementet vil bli annonsert i lokalavisene og på kommunen si heimeside.

**Partia har ein jobb å gjere**  
No kjenner ungdomen valord-



ninga i kommunen, veit kvar vallokalet er, at det går an å førehandsstemme, at dei skal bruke berre den kvite stemmestelen fordi dei ikkje har stemmerett til fylkestingsvalet, at det går an å gje personstemmer ved å kumulere og skrive namn på personar frå andre lister og mykje meir.

No er vel det store spørsmålet, både for unge og eldre veljarar: Kva vil dei ulike partia i Luster jobbe for? Kva for partiliste skal eg legge i valurna?

**Stem1209.no blir lansert 29. april**

Stem1209 er LNU sin kampanje for å auke valdeltakinga blant ungdom ved lokalvalet 12. september. Ein viktig del av nettsi-

da blir applikasjonen "iStem". Dette er ein "app" du kan laste ned til telefonen. Du kan sende bidrag til nettstaden om saker du er oppteken av i lokalsamfunnet ditt. Alle bidrag blir automatisk flagga med kommunen du er i slik at lokalpolitikarane kan gå inn og kommentere i saka. På denne måten satsar LNU på at det kan bli ein arena for politisk debatt om saker som engasjerer ungdomen i den aktuelle kommunen.

## Demokratiagenter

LNU arbeider også for at det skal engasjerast ungdom i alderen 15-20 år som kan snakke med ungdom og med politikarar for å auke engasjementet rundt valet. Sjå eigen annonse der du kan sjekke som demokratiagent.

## Informasjon på internett

Luster kommune har eigen valinformasjon på heimesida. Her blir det også eiga side om ungdom og val.

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet

7 parti har levert inn listeframlegg:

- Framstegspartiet
- Venstre
- Høgre
- Senterpartiet
- Kristeleg folkeparti
- Sosialistisk Venstreparti
- Arbeiderpartiet

Alle listeframlegga er tilgjengelege på [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no), på Servicetorget på rådhuset, og på biblioteka.

Vi gjer merksam på at dette er partia sine framlegg. Valstyret skal handsame listene. Dei godkjende listene vil bli presentert i Lustranytt i sommarnummeret.

Valdagene er 12. september 2011.



# Demokratiagent

Har du lyst på ein spennande jobb rundt skulestart?

Bur du i ein kommune der 16-åringane får stemme til hausten? Da kan du bli demokratiagent for Stem1209!

Kampanjen Stem1209 søker no etter ungdomar mellom 15 og 20 år som har lyst til å gjere ein innsats for å engasjere andre ungdomar der du bur i valet til hausten.

## Oppdraget

Målet med demokratiagentane er å bidra til at så mange som mogleg av førstegongsveljarane brukar stemmeretten sin ved valet 12. september. Dette gjer du blant anna gjennom å:

- snakke med ungdom der du bur om valet
- fortel politikarane kva ungdom i din kommune er opptatt av
- set saker som ungdom i din kommune er opptatt av på dagsordenen i valkampen

LNU leitar etter deg som:

- bur i Luster
- har lyst til å gjere ein skilnad der du bur
- ikkje er redd for å snakke med framande
- torer å ta kontakt med folk du ikkje kjenner, både ungdom og vaksne
- kan delta på opplæring 15. – 17. august

Du treng ikkje å kunne noko om politikk og val frå før, du får full opplæring av oss. Opplæringa vil skje på ei øy utanfor Tjøme i Vestfold saman med ungdom frå heile landet 15. – 17. august

.

Du får:

- full opplæring
- mange spennande erfaringar
- lærerik utfordring
- nye kontaktar og venner
- lønn etter avtale

Send en epost til [flemming@lnu.no](mailto:flemming@lnu.no) med litt info om deg sjølv, kvifor du har lyst til å bli demokratiagent og kvifor akkurat du bør få jobben, innan 1. mai.

Får me fleire kvinner i kommunestyret frå neste val?

- Jentekveldar fleire stader i kommunen, - temakveld om kvinner, menn og media,
- fleire konferansar for dei politiske partia, - medie- og økonomikurs for kvinnelege politikarar, - konferanse med statsråd Navarsete og professor i samanliknande politikk Frank Aarebrot.

Dette er noko av tiltaka som har vorte gjennomført i kommunen dei siste fire åra for å få engasjere fleire kvinner i politisk arbeid, få fleire til å ta attval og for å få fleire kvinner i leiande posisjonar i politiske utval.



## Fleire kvinner på listene

Partia har levert sine listeframlegg til kommunevalet til hausten. På listeframlegga er det 47,5% kvinner, mot 43,8% ved valet i 2007. 3 av listene har kvinneleg toppkandidat mot 1 ved valet i 2007.

Alle partia, med unntak av Høgre, har auka den prosentviske kvinnedelen på listeframlegget sitt.

## Siste innspurt

– inspirasjonssamling 24. mai  
Styringsgruppa for prosjektet ”Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken” inviterer alle kvinner på listeframlegga til ei inspirasjonssamling den 24. mai.

No handlar det om å gjere seg synlege i valkampen og syne at du er villig til å ta på deg politiske posisjonar.

# Påminning

Lag og organisasjonar – registrer dykk på kommunen si heimeside

Under kultur og fritid byggjer me opp eit lagsregister under "Lag og foreiningar"

Her oppmodar me lag og foreiningar om å få presentere kontaktopplysningar og ev. nettside til laget.

- De kan be om å få passord og registrere alle opplysningane sjølv,

Navn:	Idrettsrådet
Kontaktperson:	Hanne Bisgaard
Adresse:	
Postnr:	6869
Sted:	Hafslo
Telefon:	95789400
Web:	
E-post:	he-far@online.no
Passord:	
Kategori:	Idrett og friidrett
Grend/bydel:	Hafslo
Kort beskrivelse:	Idrettsrådet er et fellesorgan for idretten i kommunene, organisert i NIF gjennom idrettskretsene og underlagt NIFs lover og vedtekter. Idrettsrådene består av alle idrettslagene i kommunen som er medlemmer av NIF.
Aktiv&synlig:	<input checked="" type="checkbox"/>
Er superbruker:	<input type="checkbox"/>

eller

- de kan sende alle opplysningar om laget dykkar i ein e-post, me legg det i basen, og de får eit passord for å vedlikehalde innhaldet.

Gå inn på sida og følg rettleiinga.

## Aktivitetkalender

Mars 2011						
Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
09		1	2	3	4	5
10	7	8	9	10	11	12
11	14	15	16	17	18	19
12	21	22	23	24	25	26
13	28	29	30	31		

[25.3: Bankett - gospel](#)

[25.3: Teaterframsyning - Skjolden](#)

[26.3: Songkveld](#)

[27.3: Turlag-skitur AVLYST!](#)

[27.3: Langrenn Jostedal](#)

[Sogndal kulturhus](#)

[Sjå alle aktiviteter](#)

[Registrer ditt arrangement](#)

Gratis annonsering  
på aktivitetskalenderen

På www.luster.kommune.no, på framsida, kan de registrere arrangement sjølve. Servicetorget har ein godkjenning på det som blir registrert. Det går difor om lag ein dag før arrangementet blir synleg i kalenderen.

På nettstaden ligg retningsliner for kva type arrangement som kan ligge i kalenderen.

Lag og organisasjonar som ynskjer det, kan framleis ringe inn, eller sende epost til kommunen, og få hjelp til å publisere arrangementet sitt på nettsida.

# Bålbrønning til nytte og hygge for alle

Når våren openbarar seg i Sogn, ønskjer mange å kvitte seg med kvist og kvast. Kanskje nokon har felt nokre tre til vinterved, og kvisten ligg der i store dungar i veggen for potetåkeren? Kanskje andre har reve ein gamal røten terrasse, og ønskjer å bli kvitt materialet før dei kan bygge ny? Eller ønskjer familien kanskje å dra på tur i skogen og lage seg eit bål for å grille pølser?

Bålbrønning er noko vi menneskjer har drive med til alle tider, og det er noko magisk med eit lunt, knitrande bål. Bålet kan nyttast til pølsegrilling og kaffikoking, eller det kan nyttast til å bli kvitt kvist og lauv eller andre ting. Her er ei lita oversikt over regelverket for bålbrønning i Luster kommune.

## Generelt bålforbod i sommarhalvåret

Jamfør nasjonal forskrift<sup>1</sup> er det i tidsrommet 15. april til 15. september ikkje høve til å gjere opp eld i eller i nærleiken til skogmark utan løyve frå kommunen (brannsjefen). Unntak for denne regelen kan likevel vere flatebrønning eller brønning av hogstavfall i skogmark, samt lyngsviing i eller i nærleiken av skogmark, men då må det vere ein ansvarleg leiar og det må vere etter førehandsavtale med brannvesenet.



Kos ved bålet.

## Hindre ureining og helseproblem

Luster har ei eiga kommunal forskrift<sup>2</sup> om open brenning som vart vedteken av kommunestyret i 2005. Føremålet med forskrifta er å hindre forureining og helseproblem i kommunen som følgje av bålbrønning. I følgje forskrifta er all open brenning og brønning i småomnar forbode, men følgjande er likevel tillate:

- a) Open brenning på grillinnretningar, utepeisar og kaffibål.
- b) Brenning av avfallstrevirke i vedomn, med unntak frå impregnert og måla trevirke.
- c) Brenning av avispapir og liknande i vedomn heime eller på hytta.
- d) Bråtebrønning og brønning av turt hageavfall i område nytta til landbruksdrift, med mindre brønninga medfører særleg sjenanse for andre.\*)
- e) Jonsok- og olsokbål.
- f) Ranke- og flatebrønning i skogbruket.
- g) Halmbrønning og kvistbrønning i jordbruket.

\*) Bestemminga under d) gjeld ikkje i dei tettbygde områda i Gaupne, byggjefelta i Luster, Hafslo og Solvorn. Det vil seie at det ikkje er høve til å brenne bråte eller hageavfall sjølv på ein landbrukseigedom i disse tettbygde områda. Dette er av helseomsyn, det er mange som lir av astma og andre luftvegs-sjukdommar, og som kan verte plaga av røyk frå større bål.

## Spørsmål eller dispensasjon

Spørsmål om brenning i høve tryggleiksomstsyn og ev melding om brenning silast til vakthavande brannbefal har tlf 41 65 94 40 eller brannsjef Agnar Kveane på tlf 57685590.

Dersom nokon har trøng for dispensasjon frå forbodet mot brenning kan søknad sendast på fastsett skjema til naturforvaltar Maria C. Knagenhjelm på Rådhuset. Har du spørsmål om brenning eller ureining, er det berre å ta kontakt ved å komme innom landbruk og naturforvalting, eller ringe 57685582. Les også meir om bålbrønning på Luster kommune sin heimeside.

<sup>1</sup> Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn datert den 26.06.2002 sin § 8-2, tredje ledd.

<sup>2</sup> Forskrift om open brenning og brønning av avfall i småomnar, Luster kommune, Sogn og Fjordane, datert 06.10.2005.



*Ein ide som vart lufta på oppstartsmøte var å skapa meir merksemnd rundt Mime sitt hovud på Sognefjellet. Foto: Kjartan Kvien.*

# Naturarvprosjektet er godt i gang

Naturarvprosjektet ”Mellom fjell, fjord og folk” er kome godt i gang. Her følgjer litt info om kva som er gjort i vintermånadane.

## Kort om prosjektet

Som eitt av 15 prosjekt i landet er Luster kommune tildelt midlar frå Direktoratet for Naturforvaltning sitt satsingsprogram ”Naturarven som verdiskapar”. Målet er å auke verdiskapinga knytt til verneområda og naturområda i kommunen. Lokal deltaking i prosjektet er avgjerande for å få til dette. ”Mellom fjell, fjord og folk” – som prosjektet i Luster heiter - starta for fullt ved årsskiftet og skal halde fram i tre år.

Prosjektet tek sikte på å realisera følgjande mål i løpet av denne perioden:

### Kunnskap

Det skal opprettast læringsarenaer knytt til natur- og kulturverdiane for både lokale næringsaktørar, lokalbefolking, grunnskulen og turistar.

### Samarbeid

Det skal etablerast eit eller fleire nettverk i kommunen for utviklingsarbeid og/eller merkevarebygging innan natur og kulturbasert næring.

### Verdiskaping

Det skal etablerast både stadeigne og overgripande strukturtiltak som skal betre det sosiale til-

bodet og auke lønnsemda for lokalt næringsliv, både direkte og indirekte.

### Oppstartsmøte

Det vart halde fire opne oppstartsmøte i februar kor det blei gitt generell informasjon om prosjektet og korleis det er mogeleg å medverke. Møta vart haldne på Hafslo, Veitastrond, i Gaupne og Skjolden. I tillegg vart det arrangert eit møte for aktørar i Jostedalen og eit eige møte for aktivitetsverksemndene i kommunen. Totalt deltok kring 120 personar på desse møta, noko som må karakteriserast som bra. Samansetninga varierte, men eit generelt inntrykk er at talet på kvinner og ungdom

kunne vore høgare nokre stader. De er med dette utfordra! Dei som ikkje fekk anledning til å delta på oppstartsmøta må gjerne ta kontakt med prosjektleiari Torkjel Solbraa for å få utfyllande informasjon. Dersom verksemder, lag eller organisasjonar ønskjer orientering om prosjektet stiller prosjektleiari meir enn gjerne opp. Første bod er å ta kontakt.

### Idébank

På oppstartsmøta og i andre samanhenger har det kome mange innspel. Reknar ein med smått og stort er talet kome opp i rundt 150. Dette vitnar om mykje godt tankearbeid og engasjement rundt omkring i bygdene. Mange av innspela vil det jobbast konkret vidare med. Felles for desse er at dei har eit stort og allmennytig utviklingspotensial eller at dei har tydelege pådrivarar som viser initiativ og eigarskap til ideen. Er du ein slik pådrivar? Nøl i så tilfelle ikkje med å kontakte prosjektleiinga.

Det er verdt å merke seg at prosjektet heile tida også er ope for nye innspel, med andre ord er ikkje toget gått for dei som tek gode initiativ.

I samband med oppstartsmøta kom det fram at det er mange



Frå oppstartsmøtet på Skjolden.

innbyggjarar som enno ikkje har kjennskap til Naturarvprosjektet. Det vart også gitt uttrykk for at folk treng tid og inspirasjon til å klekke ut gode idear. Dette ønskjer Naturarvprosjektet å ta omsyn til på to ulike måtar. For det første vil innspel til prosjektet leggast i ein idébank på prosjektet si heimeside, som inspirasjon til nytenking. For det andre vil prosjektet kvart år operere med "lause midlar" til gode innspel som fell utanfor andre budsjettpostar.

### Styringsgruppa

Styringsgruppa hadde sitt første møte 10.03.11. På dette møte vart prosjektplan for heile prosjektperioden og tiltaksplanen for 2011 vedteke.

Styringsgruppa for prosjektet er samansett av følgjande personar:

Steinulf Skjerdal (styreleiar) - landbruksjef

Nils Erling Yndesdal – fylkesmiljøvernsjef

Ole Martin Bakken – grunneigarrepresentant

Iren Vatne – Reisemål Sogndal og Luster

Peder Kjærviik – Breheimsenteret

Stein Næss – Luster turlag

Henny Karin Molland Skildheim (vara) – bondelagsrepresentant

Tore Sønnesyn (vara) – Luster turlag

Styringsgruppa for prosjektet skal godkjenne prosjektplanar, budsjett og årlege tiltaksplanar.




Frå oppstartsmøtet på Veitastrond.

# Delprosjekta i Naturarven

Naturarven er delt inn i flere delprosjekt med ulike tema. Nokre delprosjekt har ganske konkrete tiltak som skal

gjennomførast, andre delprosjekt er meir opne. Programmet er ambisiøst, men bør vera mogeleg å gjennomføra. Mykje av di del-

prosjekta bærer i seg ønskje eller initiativ som er kome frå lokalbefolkinga. Figuren nedanfor viser oppbygginga av prosjektet.



## Delprosjekt:

## Kunnskap - i alle ledd

Formidling av kunnskap om natur- og kulturverdiar gjennom seminarrekker. Målgruppa er lokalbefolkning, reiselivsnæringa, lærarar og ungdom over 16 år. Som ei vidareføring av dette vert det utvikla tilbod om bygdevertskurs. Det vert dessutan ei eiga stipendordning til lokal ungdom som ønskjer å kurse seg i friluftsaktivitetar.

## Delprosjekt:

### Lokal mat - naturlegvis

Eit samarbeidsprosjekt med Lustramat og Mat langs nasjonal turistveg. Gjere lokale matopplevingar meir marknadsorientert.

## Delprosjekt:

### Infrastruktur som drivhjul

Innføring av ny nasjonal standard for merking. Opparbeide nokre nye turløyper (vandring, sykkel, ski) og opphaldsstader for å auke kvaliteten ytterlegare. Gjere turløypene kjende gjennom informasjonstiltak.

Støtte restaurering av stolar gjennom ordninga "Stølsnatt". Ordninga skal bidra til å ivaretak stølsmiljøa og samstundes utbedre reiselivstilbodet i fjellet.

## Delprosjekt:

### **Tematurisme - tematisk mangfald**

Delprosjektet skal synleggjere naturbaserte og kulturbaserte aktivitetar, både internt i kommunen og for besøkande. Skal stimulere til kjennskap og samarbeidet mellom lokale aktørar gjennom testturar. Vidareforedle Breheimssenteret, turistinformasjon og turiststader som "aktivitetsknutepunkt" i Luster.

Delprosjektet ønskjer også stimulere til oppstart av nye verksmeder innan tematurisme.

## Delprojekt:

Mennesket i landskap

Delprosjektet skal formidle Luster si rolle i den nasjonsbyggjande kunsten. Det skal utarbeidast ei lyd- og biletproduksjon med fast visningsstad. Det skal opparbeidast ei temareise

gjennom kommunen kor landskap og måleri vert sett i sammenheng.

Delprojekt: Lause midlar

Frittståande midlar som kan skytast inn når gode idear kjem på bana. Enten som supplement i delprosjekta eller som enkeltstående tiltak.

Tykkjer du noko av dette verkar spanande? Ta kontakt for å få meir informasjon!

## Heimeside for prosjektet

”Mellom fjell, fjord og folk” har ei eiga prosjektside på Luster kommune sin heimeside. Her vert det lagt ut informasjon om delprosjekta, nyhende og dato for aktivitetar: <http://www.luster.kommune.no>

Følg også naturarvprosjektet på Facebook.

Ønskjer du å stå på epost-lista til prosjektet? Send ein epost til torkjel.solbraa@luster.kommune.no.

# No vert det "Folk i fleire hus" i Luster

Andreas Wollnick Wiese og kona Lene Waagsbø Wiese er dei fyrste som har fått kjøpt seg ein stad å bu i Luster kommune gjennom prosjektet "Folk i fleire hus". I mars flytta familien på fem til Bolstad for å satsa på ei framtid her.

Begge er opphavleg frå Bergenskanten, men dei siste åra har dei drive ein gard i øysamfunnet Kårhamn utanfor Hammerfest. På skulen i Kårhamn var det berre to elevar utanom eldstedottera deira Ellinor, som no går i fyrste klasse. Det vart for lite.

"Me ynskte å busetja oss i eit lite samfunn, men det måtte vera ein stad med litt fleire born, slik at Ellinor (6), Lorentz (4) og etter kvart Agnes Cecilie (9 mnd.) kan ha leikekameratar," seier Lene. Etter fire dagar i Skjolden var borna allereie godt kjende med jamaldringane i barnehagen og på skulen.

"På skulen hadde dei heisa flagget den dagen me kom" smiler ho.

Andreas gler seg til å ta fatt på gardsdrifta i Bolstad. Han håpar å kunna driva gard på heiltid med sau, kyr og kanskje noko frukt eller bær. Med fleire naboar som driv gardsbruk trur han det vil verta mindre einsamt å vera bonde i Skjolden enn i Kårhamn.

Me hadde ikkje peika ut nokon konkret stad på kartet, men det var viktig for oss å finna ein kommune som torer å satsa på skule og barnehage i grendene. Luster hadde dei så vidt vore innom på reise, men å flytta hit var ikkje tema før gardsbruket i Bolstad kom på sal på nettstaden [www.gardsbruk.no](http://www.gardsbruk.no).

Seljar Olav Bolstad tykkjer det er flott at det kjem born på garden, og at gardsdrifta med dyr vert vidareført. Han fekk hjelp med salet gjennom prosjektet "Folk i fleire hus".



Familien Wiese på trappa til den nye heimen sin i Bolstad. Framme står Lorentz (4) og Ellinor (6), bak står Lene og Andreas med vesle Agnes Cecilie (9 mnd.) på armen.

**FOLK I FLEIRE HUS** er eit prosjekt med føremål å bidra til at eigedomar som ikkje er i bruk til heilårs busetnad kan verta tilgjengelege på marknaden for tilflyttarar som ynskjer å kjøpa eller leiga ein stad å bu.

Gjennom informasjon og vegleiing håpar me å motivera eigalar av fråflytta hus og gardar til å vurdera å leggja eigedomen sin ut for sal eller utleige.





Levering av restavfall på miljøstasjonane må frå  
1. mai 2011 skje med gjennomsiktige sekker.

## SIMAS tek ikkje lenger mot restavfall i svarte og ugjennomsiktige sekker!

### Årsak til endringane

Mange avfallsprodukt er meir miljøfarlege enn det ein før trudde. Det vert i tillegg stilt større og større krav til vår sortering, dette pga sluttbehandling. Om vi ikkje i fellesskap tilfredsstiller desse krava vil kostnadane auke, og renovasjonsgebyret må såleis aukast. For at vi lettare skal kunne vurdere sorteringa må restavfallet heretter leverast i gjennomsiktige sekker. Kjem du med svarte sekker e.l. må desse sorterast på miljøstasjonen. På denne måten vil vi kunne plukke ut farleg avfall og el-avfall. Vi minner også om sorteringsguiden. Denne finn du på baksida av denne brosjyra. (TIPS! Heng sorteringsguiden opp på kjøleskapet).

## Eksempel på EL-avfall og farleg avfall som ikkje skal i restavfallet:



## Øvrige tiltak på miljøstasjonen

### Gul container

I den gule containeren skal du levere alt farleg avfall. Farleg avfall er avfall som ikkje skal handsamast saman med det ordinære avfallet, fordi det inneholder miljøgifter og kan medføre alvorleg ureining eller fare for skade på menneske eller dyr. Miljøstasjonane i Sogn har løye til mellomlagring av avgrensa mengder farleg avfall. Private hushald kan levere farleg avfall gratis på miljøstasjonane, medan næringskundar må betale og har deklarasjonsplikt. Det er forbode å kvitta seg med farleg avfall på andre måtar enn å levera det til eit godkjent mottak. Lurer du på kva som er farleg avfall, sjå sorteringsguiden på baksida, på simas.no eller ta kontakt med oss.

### Container for golvbelegg

Vi har ein eigen container for golvbelegg. Golvbelegg er eit eksempel på avfall som inneholder kjemiske bindingar, såkalla ftalater. Ftalater vert brukt mellom anna til å mjukgjere plast og finns i mange produkt me brukar dagleg, til dømes leiker, regntøy, kosmetikk osb. Nokre av stoffa er reproduksjonsskadelege og miljøskadelege. Golvbelegg skal difor sorterast i eigen container på miljøstasjonen. Lurer du på sortering av ftalater og golvbelegg, ta kontakt med oss.

### Restavfallet skal vera brennbart etter sortering

Det viser seg at mykje avfall som vert sortert som restavfall inneholder miljøfarleg avfall, elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall) og anna farleg avfall. Ved levering av restavfall på miljøstasjonane må alle nytte gjennomsiktige sekkar, slik at vi kan vurdere innhaldet. Vi skil mellom brennbart og ikkje-brennbart restavfall.

### På miljøstasjonane er det to containerar:

#### CONTAINER

#### "BRENNBART RESTAVFALL"

- Bygge- og rivingsavfall  
(ikkje asbesthaldig avfall)
- Stoffmøblar, tepper, dyner, puter m.m.
- Plastprodukt som ikkje er emballasje  
t.d. leiker, hagemøblar og liknande.
- Tilgrisa plastemballasje, t.d. tomme kanner/  
flasker som det har vore farleg avfall på
- Bilete, tomme målingsboksar av plast

#### CONTAINER

#### "IKKJE BRENNBART RESTAVFALL"

- Madrasser
- Møblar med fjører
- Glava/Rockwool
- Keramikk
- Porselen
- Krystall
- Lecastein
- Uarmert betong

**Miljøstasjonen i Gaupne er stengt  
20.04.11 (onsdag før skjærtorsdag)**



Mange møtte opp på møtet til Frivilligskulen om tilskotsordningane til kulturføremål.

Henning Rivedal kåserte om omdømebygging.

## Omdømebygging i lag og organisasjonar

Tradisjonen tru arrangerte Frivilligskulen i Luster Frivilligsentral ope møte om tilskotsordningar og utfylling av søknadsskjema for ordningar som kjem inn under tilskot til kulturføremål.

Måndag 31. januar var også Henning Rivedal invitert for å snakke om omdømebygging i lag og organisasjonar. I kjend stil kåserte Henning om temaet,

og var naturlegvis ikkje framand for å nytte seg sjølv som døme på "godt og vondt" omdøme. For dei deltagande, både tillitsvalde og andre, sette Henning fingeren på eit sentralt punkt for mange frivillige lag og organisasjonar, nemleg korleis me kommuniserar og formidlar tilboda og tenestene våre. Kort samanfatta dreiar dette seg om alt frå eigne opplevelingar og erfaringar til meir moderne metodar som

Face-book, Twitter og web-sider.

Sjølv om utfordringane, for dei fleste, kan synast mange og store er "overlevingsevna" til det frivillige organisasjonsarbeidet naturleg avhengig av rekruttering, som igjen i stor grad vil vera avhengig av organisasjonen sitt omdøme. Altså treng me strategiar for korleis eit godt omdøme både kan skapast og utviklast.

## Stor auke i utlån på biblioteket

Det har på ny vore eit svært aktivt år for Luster bibliotek. Lustringane er svært flinke til å nytte biblioteket.  
Utlån: ca 48.000 som er 9,6 per innbyggjar (8,5 i 2009)  
Besök: ca 50.000 (40.000 i 2009)

Den offisielle statistikken for heile landet føreligg ikkje før seint på sommaren. Med auke frå fjoråret har truleg Luster kommune størst utlån i fylket. Ein må sjå talet i lys av at vi har kombinasjonsbibliotek med dei største skulane og den vidaregåande skulen i kommunen. Ein annan faktor er at biblioteka har mykje opningstid i forhold til tal på årsverk. Generelt sett

er lustringane svært flinke til å bruke biblioteket sitt.  
I tillegg til bøker låner biblioteket ut andre medium som lydbøker, tidsskrift, spel og film.  
Fordelingstal på utlån er ca 70% bøker og ca 30% andre medium.

### Besök:

Det har totalt vore ca 50.000 besök på biblioteka. Auke i besøkstal (2009: ca 40.000) skuldast større aktivitet ved hovudbiblioteket. I dette talet er ikkje teke med dei som les avisar utanfor hovudbiblioteket.

### Avdeling Hafslo:

Held ope tre dagar i veka.

Utlånsauke med ca 3000. Dette er eit svært aktivt bibliotek med brukarar hovudsakleg frå skulane.

### Avdeling Skjolden:

Biblioteket held no ope på dagtid to dagar og ein kveld i månaden. Det er nesten ikkje besök på kveldstid, men meir aktivitet på dagtid når skule og barnehage nytter seg av tilbodet.

### Bokbåt:

Besøker Kinsdal, Kroken og Solvorn ein gong om våren og ein gong om hausten med teaterframstilling i Kroken og Solvorn.  
Utlån: 1477 (1183 i 2009)  
Besök: 219 ombord

Frå jakta på Øvre Joranger.

# Ny fellingsrekord igjen i Luster

Hausten 2010 vart det for første gong i historia skote meir enn eit halvt tusen dyr i Luster. Heile 514 dyr vart skote i skog, mark og fjell her i kommunen, og det var ein auke på 53 dyr frå året før. Mange trudde at avskytinga hadde begynt å flate ut, for etter fleire år med auke i avskytinga var det i 2009 ei lita nedgong i avskytinga. Likevel viste tallenes tale at hjortejakta i 2010 gav 12 % fleire felte dyr enn året før.

## Kalv og ungdyr

Over halvparten av løyva vart nytta, og gav såleis ein felling på 54 %. Luster har dei siste ti åra hatt ein låg fellingsprosent, og ligge og vakar på pluss/minus 50 %. Den største auken i avskytinga i 2010 var på kalv og ungdyr. Kalv utgjorde 32 % av dei felte dyra. Ungdyr utgjorde 24 % av fellingstala, jamt fordelt mellom spissbukk og åringskolle.

## Færre eldre bukk?

Eit gledeleg nyhende er at fleire eldre bukkar truleg har fått gå fri under jakta, det vart berre rapportert om 105 felte eldre



bukk (dei siste fire åra har talet vore rundt 116). Dette utgjer 20 % av avskytingstala, og er i prinsippet på rett nivå i høve ein stabil bestand. For første gong på ti år er delen hanndyr (alle aldersgrupper) som er skotne i Luster på under 50 %. I mange år var hanndyravskytinga på over 60 %, noko som ikkje er berekraftig for ein hjortestamme på lengre sikt. Men når ein ser på tala frå sett-hjort, er det også observert færre eldre bukk enn vanleg. Kan det bety at det er færre eldre bukkar i skogen, og at det er derfor det også er skote færre?

## Tolmodige jegerar

Lustrajegeren går mange timer på jakt, heile 17 300 timer, og må ofte vere tolmodige og vente ei god stund før han eller ho ser dyr. Det er stor skilnad mellom kor lenge lustrajegeren må vente i utmark og innmark, og det er også stor skilnad mellom dei ulike sonene. Ein jeger på innmark på Sørsida kan forvente å sjå i snitt 2,3 hjort på ein time! Til forskjell kan ein jeger i utmark i Gaupne-området måtte gå i 20 timer før han ser ein

einaste hjort. I gjennomsnitt i fjor haust måtte lustrajegeren gå i fire timer før han såg ein hjort. I 2009 måtte han gå i fem timer før hjorten dukka opp, og hausten før måtte han gå over seks timer. Er lustrajegeren blitt meir effektiv, eller er det berre tettare med dyr?

## Meir kunnskap kjem på hjortemøta

Det er mykje spennande kunnskap ein kan trylle fram av statistikken. Etter timevis med føring av sett-hjort kan litt tygging av tal fortelje mykje om lustrahjorten og lustrajegeren. Tala er enno ikkje heilt ferdig analysert når Lustranytt går i trykken, men utover våren vil alle interesserte få høve til å komme på hjortemøte for å få meir inngående informasjon. Forvaltninga er også interessert i å få innspel frå jegerar og grunneigarar, og vil oppmøde alle til å komme på desse kveldsmøta. Informasjonshefte vil også leggjast ut, og vere tilgjengeleg på heimesida. Tidspunkt for hjortemøta vil bli annonsert i Sogn Avis og på heimesida til kommunen.

# Etablering av 5 oppvekstsenter – gjennomføringsplan.

Kommunestyret gjorde i sak 81/10 "Budsjett 2011, økonomiplan 2011-14 og planleggingsprogram 2011-14", pkt 2.f, slikt vedtak:

*"Det skal arbeidast for å få på plass oppvekstsenter (5) med verknad frå august 2012. Desse skal etablerast i bygdene Skjolden, Dale/Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Sølvorn. Jf vedtak i k-sakene 77/09 av 29.10.09 og 44/10 av 17.06.10 og klarering i f-skapet i sak 110/10 av 15.09.10."*

Med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak og etter ein intern prosess har rådmannen konkludert med følgjande gjennomføringsplan:

**Steg 1 - Frå medio februar 2011 - fredag 16. april 2011:**

- Utarbeiding av organisjonskart/hovudstruktur for eit oppvekstsenter.

- Klargjering av leiarstilingane i høve oppgåver/ansvar/mynde/resurs mm.
- Drøfting med aktuelle arbeidstakarorganisasjonar underveis.

**Steg 2 - Frå slutten av april 2011 - fredag 17. juni 2011:**

- Tilsetjing av leiar og nestleiar pr oppvekstsenter.
- Arbeidet i denne fasen vert i stor grad regulert av formelle krav og føringer.

**Steg 3 - Frå tidleg september 2011 - august 2012:**

- Etablering av eige prosjekt med framdriftsplana.
- Leiarar og nestleiarar av oppvekstsentra vert sentrale i prosjektet.
- Aktuelle tillitsvalde deltek i prosjektet.
- Detaljar i høve mål, mandat, problemstillingar, organisering, arbeidsform mm. må

vurderast som ein del av prosjektet. Aktuelle stikkord for arbeidet er:

- God forankring på alle nivå.
- Kombinasjon av arbeid sentralt og lokalt – varierande arbeidsform.
- Ev bruk av eksternt hjelpe og/eller besøk i andre kommunar.
- Utarbeiding av felles pedagogisk plattform, byggje felles kultur mm.
- Detaljutforming av 5 oppvekstsenter.

Det vert vurdert som viktig å kome i gang med steg 3 så snart som mogeleg og med ein framdrift som skissert over har ein ca eit år til dette arbeidet – og det er under dette særskilt viktig at dei som i framtida skal leie oppvekstsentra er sentrale i utviklings-/etableringsarbeidet.

# Nytt frå ATS

## Deltaking i EU-prosjekt

ATS er plukka ut til å delta i eit EU-prosjekt over ca. 2 år. Prosjektet har til føremål å kartleggja, og bidra til utvikling av arbeidstilbod til yrkes- og utviklingshemma i Europa og har på tysk tittelen "Auch wir arbeiten in Europa". Første samling vart avvikla i november 2010 i Kleve i Tyskland, og frå 23. til 27.

mai går neste samling av stabelen i Venlo i Nederland.

Vidare vert det samlingar i Norge og Frankrike, og avslutting med oppsummering av prosjektet i Tyskland. Mellom samlingane vert det arbeidd lokalt i kvart einskild land.

Prosjektgruppa er sett saman av representantar frå Tyskland,



*"John og Ken Jarle representerer Luster i EU-prosjektet"*

Nederland, Frankrike og Noreg. Frå Noreg deltek representantar for Luster og Fjell kommunar, samt Habiliteringstenesta Helse Førde, v. leiar Roland Schwarz. Prosjektet går over 2 år og er finansiert v. EU-midlar.

Meir informasjon vil koma på heimesida etter kvart.

# Årsplan 2011- 2012 for grunn- skule- elevane i Luster

Månad:	Skulestart/ skuleslutt, feriar og fridagar for elevane:	Tal skuledagar:
<b>HAUSTHALVÅRET 2011</b>		
August	<b>Første skuledag:</b> Onsdag 17. august	11
September		22
Oktober	<b>Haustferie:</b> Veke 41: Måndag 10. oktober – fredag 14. oktober	16
November		22
Desember	<b>Siste skuledag før juleferien:</b> Tysdag 20. desember	14
<b>Sum hausthalvåret</b>		<b>85</b>
<b>VÅRHALVÅRET 2012</b>		
Januar	<b>Første skuledag:</b> Tysdag 3. januar	21
Februar	<b>Vinterferie:</b> Veke 8: Måndag 20. februar – fredag 24. februar	16
Mars		22
April	<b>Påskeferie:</b> F.o.m. måndag 2. april – t.o.m. måndag 9. april Første skuledag etter påskeferien: Tysdag 10. april Elevfri dag: Fredag 20. april(lærarstemne) og 30.	13
Mai	<b>Skulefrie dagar:</b> 18. mai	19
Juni	<b>Siste skuledag før sommarferien:</b> Onsdag 20.juni	14
<b>Sum vårhalvåret</b>		<b>105</b>
<b>Sum skuleåret 2011-12: 190</b>		

## Helsedirektoratet og ATS

I midten av mars fekk leiar ved ATS e-post frå Tone Killingmo i Helsedirektoratet. I e-posten ber ho om å få nytta John og hans presentasjon av livshistoria si, "Wittgenstein og eg", som døme på gode eksempel innafor feltet habilitering/rehabilitering. Ho skriv m.a:

Det er alltid kjekt å få slike attendemeldingar og førespurnader, og John og hjelparane hans stiller sjølvsgått opp for å dela sine erfaringar og kunnkap innafor dette viktige feltet.



Roland og John som framfører  
"Wittgen-stein og eg"

## Mini-VM

Rett etter vinterferien hadde Jostedal skule den årlege skileik-dagen. Dei eldste hadde førebudd løyper og hopp, og me hadde som vanleg invitert fire- og femåringane frå barnehagen. Alle sprang, skreidde og leikte seg på ski, og i pausen fekk me frukt og kakao. Femtekklasse hadde laga til diplom til barnehageungane som takk for innsatsen. Kroppsøvingslærar Marie Fredheim leia oss trygt gjennom dagen.



## Eventyrar Sigrid Henjum om arktisk padletur



Heile Jostedal skule var samla til framsyning av biletar og videosnuttar frå Sør-Georgia då Sigrid vitja oss for å fortelje om ekspedisjonen ho var på i haust. Fyrst fekk me høyre om polarhistorie og geografi, før ho synte eigne biletar og videoar. Ho var på tur med tre guitar, og padla rundt øya Sør-Georgia som ligg i havet aust for sørspissen av Argentina (Ildlandet).

Me sat alle saman fjetra i over ein time - det var så spennande å høyre om bølgjer høge som hus, glefsande pelsselar og elefantselungen som knuste kajakken til Sigrid. Dette kveikte nok eventyrlysta hjå Jostedalsungdomen.

Me ynskjer Sigrid velkommen ein annan gong ho har vore på eventyr!

## Snøholetur

Annakvart år reiser 6. og 7. trinn ved Jostedal skule saman på snøholetur i Vigdalen med naturfaglærar og Tindevegleiar Jostein Aasen, denne gongen med breførar Bjørn André Skjæret som forsterkning. I år var dei særskilte med vêret, og gravinga gjekk unna utan problem. Alle la seg vel fornøgde til å sove i holene dei hadde greve. Før dei gjekk ned att onsdagen, kom Liv Byrkjeland (frå Statens Naturoppsyne Luster kommune) opp til dei og hadde litt om fuglar og spor. Snøholetur = lærerike og samansveisande dagar i naturen.



## Vesaas-framsyning i Jostedal

1.-3. trinn på Jostedal skule har hatt prosjekt om dikt av ekteparet Vesaas i kombinasjon med datadugleik, og hadde utstilling og framsyning heile tre gonger veka før vinterferien - både for skulen, barnehagen og foreldra. Dei har vortne røynde skodespelarar og opplesarar etter kvart, og har ingen

problem med å halde sjåarane oppslukt. Under framsyninga for barna i barnehagen var det ikkje eit pip å høyre frå barnehageungane før heilt til slutt, då dei fekk vere med i avslutningsnummeret. Det heile vart leia og akkompagnert på fele av lærar Else Marie Haugen.





## "Steg for Steg" i barnehagane

Alle dei 10 barnehagane i Luster har frå barnehageåret 2010/2011 jobba med sosial kompetanse ved å bruka metoden Steg for Steg. Dette er eit opplegg der ein øver på ferdighetar i empati, problemløysning og meistring av sinne. Fokus er å gje barn høve til å trenre på ferdighetar som gjer dei rusta til å takle utfordringar seinare i livet. Ein skal fokusera på det positive barna gjer, ikkje det negative. Barna skal utvikla seg til å kommunisera og omgå andre på ein positiv måte. Det er viktig at barn viser kjensler, set ord på kjenslene sine og forstår korleis andre har det.

Me ser at Steg for Steg har effekt på barnegruppa. Barna er sjølve med å løysa konfliktar meir enn før, dei er opptekne av andre sine kjensler og me ser at barna sin medverknad kjem meir i fokus i kvardagen. Vaksenrolla er viktig i Steg for Steg. Me er rollemodell for barna og bevis-

ste haldningar og verdiar hjå dei vaksne er sentral i korleis me møter barna. Dei vaksne skal vera med å utvikla vennskap og kunnskap blant barna. Det er viktig at dei vaksne i situasjonar eller aktivitetar saman med barna kan finna løysningar som vidareutviklar barna sin sosiale kompetanse. Barna har behov for omsorg og anerkjening, det krev at dei vaksne er aktive og ser kvart enkelt barn og deira behov.

Barnehagane har det same utgangspunkt ved å bruka materiell som hører til opplegget. Det er plansjar med biletar som ein brukar i samling, samt cd, handdokker o. l. I personal-rettleiinga finn ein tips om litteratur og tilleggsaktivitetar, noko som får barna til å bearbeida det dei har samtala om på førehand. Opplegget er i hovudsak leksjonaar for barn frå tre til seks år, og ein del for barn frå eit til tre år.

Storleiken på barnehagane, avdelingane og barnegruppa er avgjerande for korleis ein får formidla sosial kompetanse. Personalelet er òg i ein startfase og skal sjølv erfare korleis ein skal jobbe med opplegget. Barna i Luster skal verta bevisste på korleis me alle er avhengige av kvarandre. Barna skal få moglegheit til å få ei forståing av at val ein gjer, ikkje berre påverkar vår eigen kvardag, men òg vil komme til å påverka andre sin.

Barna er flinke til å setta ord på kjenslene sine. Ein gut på fire år fortalte at når han vert sint, er det som om noko sprenger inni han og vil koma ut. Ein tre-åring hjelpte eit anna barn saman med ein vaksen og roa barnet ned. "Du må pusta godt og telja til tre, so må du gå og snakka med ein vaksen." I staden for å rasa rundt, sparka og slå, har barn byrja med å seia at no er eg sint!!

# Bli med inn i barnehagane i Luster!

Med slagordet ”VI KAN” vart barnehagedagen den 15. mars markerte med eit stort fellestog av barnehageborn frå heile Luster kommune. Kvar barnehage møtte med fane, flagg eller ballongar. Turen gjekk kring heile Gaupne sentrum og enda på Pyramiden. Anne Siri Bentsen fra utdanningsforbundet heldt appell før alle borna song fleire songar. Leon Lunde stilte med gitar og lydanlegg og var forsongar for eit kor med over 200 born og vaksne. Etter medbrakt måltid var det is til alle saman. Born og vaksne var godt nøgde med ei flott markering.

## Kvalitet i barnehagen

Regjeringa ynskjer å satsa på kvalitet i barnehagen og med slagordet ”VI KAN” ynskjer me satsinga velkommen. VI KAN framhevar born og vaksne med kunnskap og kompetanse som me har i store mengder i Luster kommune.

Barnehagekvardagen set viktige spor hjå borna både her og no, og gjer noko med dei i høve det vidare liv. Me vil gje borna våre i Luster eit kvalitetstilbod. Me vil arbeida målretta for å oppretthalda og betra viktige område som me ser på som kjennemerke på kvalitet i barnehagen.

**For oss er OMSORG, LEIK, LÆRING, TID, TRYGGLEIK, VENSKAP, MED-VERKNAD OG MILJØ kjennemerke på kvalitet.**

I år hadde dei fleste barnehagane i kommunen open dag med ulike arrangement og inviterte gjester den 14. mars. Me ynskte å syne eit glimt inn i kvardagen vår. Kvar barnehage hadde ekstra fokus på eitt av kjennemerka for kvalitet i barnehagen. Me vil at alle lesarane av Lustranytt også skal få eit glimt inn i barnehagekvardagen vår. Kvar barnehage vil sjølv formidla sin kvardag denne eine dagen i mars.




## Omsorg i Jostedal barnehage

Alle barn har rett til omsorg. Omsorg pregar alle situasjonar i barnehagekvardagen og kjem til uttrykk når barna leikar og lærer, i stell, måltid og påkledning. 14. mars var det omsorg me sette ekstra fokus på i Jostedal barnehage. Sidan dei yngste barna har jobba ein del med fargar dette året, laga me biletet av silkepapir. Dei eldste barna hjelpte dei yngste med å lime saman papirstrimlene, og saman laga dei flotte biletet til å henge i vindauge. Aktiviteten var prega av at barna viste omsorg overfor kvarandre, samtidig som dei var i ein god læringsprosess. Me hadde også to elevar frå 9.kl ved Luster ungdomskule som var med oss denne dagen.

Gjennom heile barnehagedagen ser me omsorg rundt oss. Men det er ikkje alltid like lett å formidle og synleggjere dette. Den vaksne må både vere til stades, lytte til, ha innleving og evne til eit positivt samspel med alle barna.

Biletet syner omsorg kring aktivitet, måltidet og påkledning.





## Leik i Gaupne barnehage

Vi i Gaupne barnehage fekk tildelt LEIK som tema. Då inviterte vi først 3 - 4 gutter frå 6. klasse ved Gaupne skule. Vi tenkte at det var fint å få besøk av dei, sidan dei skal vera fadrar til hausten for 6 åringane våre. Rammeplanen seier at: "Barnehagen bør ta del i kulturen i nærmiljøet, gjennom møte med institusjonar, organisasjonar og einskildpersonar". Rammeplanen seier vidare at: " I leiken vert også barnekulturelle tradisjonar overført frå eldre til yngre born."

Denne invitasjonen vart veldig populær, slik at dei resterande gutane som også ville vera med vart skuffa. Då bestemte vi oss for å invitere dei gutane som ville, og det kom 8 gutter. Dei kom kl. 10, og

var til skuleslutt kl. 14. Eigentleg ville dei vera lengre! Då har vi jo oppnådd intensjonen vår, som var å vise gutar at barnehage og små born kan vere kjekt og interessant, samt at vi kan mykje i barnehagen.

Vi hadde leikegrupper med duplo, lego og teikning m.m, der gutane fordele seg rundt, også på Vetlaståvao. Det var forresten mange som ville vera med dei aller yngste, og leike også.

Dei fekk vera med på bursdagsfeiringa til ein av gutane våre, som vart 6 år den dagen. Han tykte det var veldig stas å få besøk av så mange store gutter. Han hadde bestemt at han ville ha pizza på bursdagen sin, og det vart det. Det likte dei store gutane også. Dei var med å kledde på borna i garderoben, og var ute å leika med dei i den fine sola!

Veldig kjekt å ha besøk av så store og flinke gutter. Velkomne att!





## Leik i Grandmo barnehage

I Grandmo barnehage var temaet for barnehagedagen leik. Vi ville invitere nokon inn i barnehagen for å oppleve kvardagen vår, for å vise at ”vi kan” og få større forståing for all den kompetansen som fins blant små og store i barnehagen. Vi vil ha fleire menn i arbeid i barnehagane, og det er eit sterkt fokus på korleis vi skal rekruttere desse til å velje barnehagen som utdanningsfelt. Difor valde vi å invitere gutter frå ungdomsskulen til å vere ilag med oss. Så når måndagen kom, stod Joar, Harald, Eirik, Thor, Sander, Vegard og

Tomas, alle frå 8. klasse, klare til å gjere ein innsats i Grandmo! Etter ei fellessamling der heile huset var samla, delte vi oss i små leikegrupper. Leiken føregjekk både inne og ute. Nokon snikerte, andre bygde lego eller duplo, nokon leika i dokkekroken og andre var ute i snøen og leika. Det vart og bålbrunning og matlaging utandørs. Barnehageungane sette stor pris på at det kom guitar til oss, og dagen vart ekstra spanande og morosam for dei. Personalet kjende seg til tider nesten overflødige, men berre på ein god måte! Det var flotte, kjekke og engasjerte gutter som var med oss denne dagen, og me ynskjer dei hjarteleg velkommen tilbake ved eit anna høve! Kanskje ser vi nokon av dei som førskulelærar om nokre år?!





## Læring i Luster barnehage

Me hadde fått tildelt stikkordet LÆRING til denne dagen. Opplegget STEG FOR STEG er eit satsingsområde for barnehagane i Luster kommune dette året, og me valde difor å fokusere på det denne dagen. Målet med opplegget Steg for Steg er å auka borna sin sosiale kompetanse gjennom å øve på ferdigheter i empati, problemløsing og meistring av sinne.

Det Søtekruse (stor avd.) jobba med akkurat denne dagen var å forstå kva som ligg i begrepet problem.

Me samlast i sofakroken og hadde med oss dokkenes Tassen og Herr snegel. Dei presenterte sitt

problem. Etterpå var det rollespel der både borna og dei vaksne deltok. Målet var å gjette kva problem den enkelte hadde. Det vart og tid til samtale om temaet.

Etter samlinga kledde me oss og gjekk til uteleikeplassen vår "Huttiheiti", som er ein arena for mykje læring. Her føl me endringane i naturen, lyttar etter fuglelydar, finn store og små ting som me samanliknar o.s.v.

Denne dagen hadde me med oss mat til å steike på grua vår: Laks og grønsaker i folie, og det smakte godt. Alle på Løvetann (liten avd) kom inn og åt med oss. Etter mat var det tid til å ake for dei som ikkje måtte tilbake i barnehagen for å sove. Flott ver, reine påskestemninga.

Me seier takk til Bodhild Cirotzki som var med oss nokre timar denne dagen.





## Tid i Skjolden barnehage

Vi har eit godt samarbeid med skulen. Vi prøver å få til felles aktivitet ein gong i månaden. 1. og 2.



klassen vart inviterte på besøk til oss for å leika og eta saman med barnehagen. Vi ville prioritere tida vår til at blant anna dei eldste i barnehagen skulle få tilbringe tid saman med elevane som dei skal gå i klasse med. Dei leika saman i valfrie grupper og i valfri leik. Dei fekk bruke tida på kvarandre i det barna sjølve meiner er meiningsfylte aktivitetar.



## Tryggleik i Indre Hafslo barnehage

Indre Hafslo barnehage fekk tildelt stikkordet TRYGGLEIK, då vi skulle ha eit opplegg i barnehagen i samband med barnehagedagen. Og sidan vi har Barneskulen rett ved barnehagen, syns vi det var naturleg å invitere 1. og 2. klasse i opplegget vårt. Ein gong i månaden har dei eldste i barnehagen uteskule saman med 1. og 2. klasse. Då et vi saman i lavvoen, og vi har ein felles leik/aktivitet etter maten. Ungane i barnehagen får bli betre kjende med læraren og dei får halde vennskapen med dei som er begynt på skulen. Når vi har leik/aktivitet, prøver vi å blande barnehagebarn med skulebarn slik at dei skal bli godt kjende med kvarandre, og vi vaksne prøver å bli kjend med alle ungane. Dei vaksne i skulen kan godt hjelpe eller leike med barnehagebarn. Dette gir ein tryggleik når 1. skuledagen til barnehagebarna nærmar seg.

På hausten har barnehagen og skulen eit møte der vi legg plan for samarbeidet heile året. Kva mat vi skal eta, og kven som har ansvar for aktivitet eller leik. I haust har vi hatt natursti med postar, dramatisering av eventyr, grautfest, skiaktivitetar og leik i grupper. Vi samarbeidar og om bygdekafear, adventsstunder og andre samlingar, vi bakar lussekattar saman og besøker kvarandre regelmessig.





## Vennskap i Gamlestova barnehage

I Gamlestova barnehage har 76 ungar sine barnehagedagar. Hjå oss er leik og vennskap viktig. Ungane er sosiale og vil helst leika heile dagen! Både dei heilt små ungane og dei litt eldre set stor pris på samværet med kvarandre. Kva er vel betre start på dagen enn at ein venn og leikekamerat står og ventar når ein kjem om morgonen? Kva er vel betre enn å få leika favorittleiken sin? Leik og vennskap gir sosial og språkleg kompetanse. Gjennom heile dagen er ungar og vaksne del av eit stort fellesskap på si avdeling. Her må me heile vegen øva vår sosiale og språkleg kompetanse. Og den som ikkje har verbalt språk kan seja mykje med kroppen! Me lærer å ta omsyn til kvarandre i leik og andre daglege gjøremål.



Vennskap vert bygd gjennom leikefellesskap og er avgjerande for god trivsel hjå ungane. Det er samspel med andre ungar og vaksne at me utviklar oss og lærer. Me i Gamlestova barnehage legg til rette for at gode relasjonar vert skapte, og me prøver å hjelpe ungar som strevar litt med å få venner.

Kvar dag har avdelingane samling. Denne stunda på dagen er alle ungane på avdelinga samla for å gjera noko kjekt i lag - det kan vera song, samtale, høgtlesing, leiker mm. I dette fellesskapet er det viktig at alle ungane vert sett og høyrde. At den enkelte unge kjenner seg viktig.

Måndag 14.mars var me i Gamlestova Barnehage så heldige at Bergljot Buskaker kom på besøk. Ho



var saman med oss på Vetlestova i samling og inneleik. I samlinga song me ein song for kvar unge, og las om den vesle musa som leitar etter ein venn. Ei god bok om vennskap. Her kan ungane lett identifisera seg med musa, som får mange avslag, når ho prøver å finna seg ein venn. Heldigvis går det bra til slutt!

Etter litt vatn og frukt var det klart for leik. No vel ungane kva og kven dei vil vera saman med. Ungane grupperer seg i små grupper. Nokon vel motorisk leik, nokon vel byggjeleik, nokon vil kle seg ut, nokon vil teikna, og nokon vil vera saman med Bergljot.

På Storestova har ungane teke bilete av føtene til kvarandre. Bileta har dei montert opp i ein stor sirkel. I midten heng eit dikt om vennskap. Montasjen symboliserer fellesskapet og vennskapen på avdelinga. Hendene blei måla og laga avtrykk av.

På Stova har ungane dikta song om vennskap. Den er slik:

*Å, stova er vår og stova er fin  
Hipp hurra for at stova er til  
Vi er venner her i dag  
For å syngja litt i lag  
Hipp hurra for at stova er vår*

*Å, stova er vår og stova er fin  
Takk og pris for at stova er til  
Vi vil alle vera venner  
Gi ein kos og mange klemmer  
Da ein kjempefin dag vi vil få.*

På Loftstova har dei teikna og skrive om vennskap. Her kjem kva dei eldste ungane i barnehagen tenker om vennskap:

- Å ha venner
- å hjelpe andre
- nokon slår seg, så hjelper me deg
- leike i saman
- hjelpe kvarandre
- passe på at alle er med og leiker
- smil, le og ha det kjekt i lag
- be folk i bursdag
- glad
- lykkelig
- å leike saman
- passe på at alle har ein venn.

Som de ser KAN ungane VENNNSKAP. Kunsten er å alltid klara det i praksis!



## Miljø i Solvorn barnehage

Me i Solvorn hadde karneval på barnehagedagen. Me inviterte elevane i 1. til 4. klassen inn for å vere med på festen fra klokka 10 til 13. Alle kledde seg ut. Me hadde dans, leikar og gjekk på planken. Etterpå kosa me oss med pizza, kake og saft. Heilt til slutt slo me katta ut av sekken.

Flott dag og barna storkosa seg.





## Medverknad i Hafslo barnehage

I Hafslo barnehage markerte me dagen før dagen med å invitera til oss Nils Sverre Fardal, Rune Melheim og Sonja Rutledal frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Tre studentar på småskulesteget vart med over frå skulen og fekk med seg to innholdsrike timar i barnehagen.

Hafslo barnehage med sine to avdelingar, SOLI for born 1-3 år og MÅNEN for born 3-6 år, hadde denne dagen ekstra merksemd på MEDVERKNAD. I barnehagen skal borna setja sitt preg på kvardagen sin. Som personal skal me sikra at dei erfarar at eigne opplevingar av verda vert tekne på alvor. Dei yngste borna var medverkande til at måltidet var ferske bollar med godt pålegg denne dagen.

ME KAN baka! ..... Nokre bollar vart runde, nokre vart lange, nokre kom ikkje av fingrane og andre hamna i magen før dei var steikte. Nokre born baka lenge og andre vart fort ferdig med den jobben. "ME KAN og ", sa Nils Sverre og Rune . Dei var ivrig med på baksten og fekk god kontakt med borna. Frå bakebordet gjekk born og vaksne inn att i leiken etterkvart som dei var ferdige.

### På Soli

Sonja med tre studentar frå Høgskulen i Sogndal kom på Soli og tok del i samlinga. Dagens born vart trekt ut. Alle born og vaksne fekk høve til å spela på rytmeinstrument medan me song for kvar einskild. Me song om vekedagane og dagens born

trekte kalendar. ME KAN! syngja og likar det godt. Saman med gjestene våre song me fleire songar. Alle var ivrige og engasjerte. Det vart eksstra kjekt med fleire personar som kjende songane godt og stemde i.

### På Månen

fekk Sonja og dei tre studentane omvising på avdelinga av ei av dei eldste jentene. Dei vart invitert med på spel og leik samt aktivitet ved bordet. Vi hadde samling før måltidet, då var Nils Sverre og Rune med oss. Vi sat i ring på golvet og hadde vanleg mandagssamling med først å sjå på kalenderen, trekke ordensbarn og så fekk dei som ønskte det fortelje litt om kva dei hadde opplevd i helga. Avslutningsvis repeterte vi litt frå prosjektet vi hadde i februar/mars i samband med Nansen-Amundsen-året 2011. Borna fekk fortelje etter tur ting dei hugsa, at Amundsen var førstemann på Sørpolen for 100 år sidan og at det er 150 år sidan Fridtjof Nansen vart fødd dette året. At Nansen fekk bygd båten "Fram" som ei av jentene har vore i på Fram-museet i Oslo, og at Amundsen også nytta Fram på si ferd til Sørpolen. At dei hadde med seg hundar og sledar på ekspedisjonane sine, at dei fekk drikkevatn ved å fylle snø på flasker og legge dei til kroppen under kleda sine, og kva dyr som lever i dei to polområda m.m. Besøket var avslutta med føremiddagsmat. Det var ein kjekk føremiddag. Dei som kom på


# Blås grønt!

Også i år vil det bli arrangert "Blås grønt" i regi av Ungdommen sitt kommunestyre. I år som før kan ein bli heldig vinnar av ei flott gåve.

Arrangementet vil ta plass i Gaupne natt til 17. mai, og det er planar om å få kombinere dette med ein sosial kveld for ungdom i kommunen.

Arrangementet er for ungdommar frå 8. klasse og til og med dei som fyller 19 år.

Meir informasjon vil bli lagt ut på nettsida til Luster kommune etter kvart som det nærmar seg.



## Sommarjobbar for 16- og 17-åringar

### Tilskot til sommarjobbar i private verksemder

Luster kommunestyre har vedteke at private verksemder som tek inn 16- og 17-åringar busette i kommunen i sommarjobb i minimum 2 veker i heiltidsjobb, får eit kommunalt tilskot til dette på kr 3 000 pr. sommarjobb. Til sommarjobbar for ungdom med funksjonshemming, vert det gjeve dobbelt tilskot. Det vert betalt ut berre eitt tilskot pr. ungdom, og tilskotet vert ikkje delt om same ungdom tek sommarjobb i fleire verksemder. Det kommunale tilskotet vert gitt til den verksemda som først har 16-/ 17-åringen i sommarjobb (etter skuleslutt). 1. juni vert nytta som datogrense i kalenderåret, noko som betyr at kommunen yter tilskot til sommarjobb for ungdom som har fylt 16 år, men ikkje 18 år, pr. 1. juni 2011.

16- og 17-åringar i Luster vert oppmoda om å ta kontakt med aktuelle verksemder med spørsmål om sommarjobb.

Søknadsskjema som private verksemder skal nytte ved søknad om kommunalt tilskot, får ein på servicetorget, tlf. 57 68 55 00, eller ein kan finne skjemaet på kommunen sine heimesider: [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no). **Siste frist for søknad om tilskot: 1. september 2011.**

Søknad om tilskot skal sendast til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE.

**Sommarjobb for 16- og 17-åringar i kommunen**  
I budsjettet for 2011 er det òg sett av lønsmidlar til 10 kommunale sommarjobbar for 16- og 17-åringar busette i Luster. Desse sommarjobbane varer i 4

veker, og vert tildelte søkjarar ved loddtrekking.

Sommarjobbane vert fordele på Luster sjukeheimsteneste, Luster heimeteneste, Teknisk drift og barnehagar etter behov.

Søkjarar må ha fylt 16 år innan 1. juni 2011. Ungdom som fyller 18 år innan 1. juni 2011 er ikkje aktuelle for sommarjobbar for 16- og 17-åringar.

Ytterlegare opplysningar finn ein på eige søknadsskjema for sommarjobb for 16- og 17-åringar.

Søknadsskjema finn ein på kommunen sine heimesider: [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no).

Søknad på communal sommar jobb skal sendast til:  
Luster kommune, Rådhuset,  
6868 GAUPNE,  
*innan 20. april 2011.*

# Spreier dansegledede på tvers av grenser

14. april set 10 dansarar, ein filmmann og tre leiarar seg på flyet til Riga.

Påskeferien skal brukast til å besøke barneheimar rundt i den nordaustlege delen av Latvia. Her skal dei turnere med eit 1 time langt danseshow, gjennomføre danseundervisning og vise omsorg for barn- og unge som ikkje har dei same oppvekstvilkår som dei sjølve.

I eit år har dei trenat nesten kvar helg for å få i stand eit profesjonelt show, og dansarane i In Motion gler seg stort til å vise dette fram for store og små i det baltiske landet. Dansegruppa Illusion, som også tilhører Luster Danseverkstad, var på ein tilsvarende tur for to år sidan. –  
 - Søstera mi, Eli, var med den gongen. Ho var forandra då ho kom heim; eg kunne sjå at ho hadde modnast på turen. Eg trur barneheimsmøta gjer noko med oss, og gjer oss meir bevisst på kor godt me har det på Hafslø. Dette er det Tea Høyheim som seier, ei av dei 10 dansarane i In Motion som gler seg stort til påskeferien!

## "Ein plass for alle"

Dei to første helgane i mars var 14 dansarar frå In Motion og Illusion, instruktørgruppene i Luster Danseverkstad, med på fylkesturneen "Ein plass for alle". Her fekk In Motion vise



*In Motion. Framme f.v: Alice Brendstuen, Malene Kvam, Renate Fredheim, Tea Høyheim. Bak f.v: Julia Vigdal Hårvik, Marita Kvalsvik, Jonas Flaten, Kjersti Næss, Marianne Bakken. Foto: Susanne Selland.*

fram nokre av dansane dei skal ta med til Latvia, i tillegg til å stå på scena i lag med over 50 andre dansarar frå 9 danseverkstadar i Sogn og Fjordane. Eit godt samansydd sceneshow på om lag to timer gleda dei mange tilskodarane tilstades på førestilling i Sogndal, Høyanger, Førde, Fjaler og Florø. Eit fyrverkeri av dans, med opning som var meir eller mindre sponsa av Felleskjøpet, og som gav oss innsyn i livet til den rosa kua som var så annleis. Det å vere annleis gjekk som ein raud tråd gjennom heile showet, som var spekka av Hip-Hop, breaking, showdans, jazzballett og mykje meir.

– Slike turnear er viktig av fleire grunnar. Dansarane skal få vise seg fram i Sogn og Fjordane slik at folk kan sjå kor mykje arbeid

dei legg i dansen. Det er også viktig for dansarane å bygge nettverk på tvers av kommunane, og å utvikle kvaliteten på dansinga. Ungdomane blir mykje betre dansarar når dei har noko slikt å jobbe mot. Dette fortel Ove Henning Solheim, leiar i Dans Utan grenser, "dansepappa", og ansvarleg for gjennomføringa av fylkesturneen 2011. Han er godt nøgd, så nøgd at tankane strekk seg mot ein ny turne. Men før den tid skal han vere med In Motion til Latvia. – Det er utruleg kjekt å følgje denne dansegruppa si utvikling. Prestasjonskurva har gått rett til værs! Og no gler eg meg veldig til at dei skal få møte barn og ungdom på barneheimar i Latvia, og vise fram kva dei kan.

# Helsestasjon for ungdom (HSU)

Luster helsestasjon har kvar onsdag ettermiddag **"open dør" helsestasjon for ungdom** på helse-senteret i Gaupne. Opningstida er kl 15.00 - 17.00.

Helsestasjonslegen er med frå kl 15.00 -16.00.

Helsesøster er tilstades fram til kl 17.00.

Vi ønskjer å vere eit tilbod til ungdommar og unge vaksne i Luster.

Det skal vere ein stad der ungdommar kan stikke innom for ein prat med ein voksenperson om helse, om kropp, om preventsjon og sex eller om korleis dei har det med seg sjølv eller med venner. Tykkjer nokon det er vanskeleg å komme åleine, kan ein ta med ein venn eller ei venn-

inne.

Tilbodet er gratis og er for alle i alderen 16 - 20 år som bur eller går på skule i Luster kommune.

Det er og oppretta ei e-post adresse der unge kan sende førespurnad om time, evt stille spørsmål.

HSU@luster.kommune.no Dette tilbodet vil vere råd å bruke elles i veka og.

Mobil kan og nyttast, tlf 478 08 260 til sms eller telefonkontakt.



*Ser du ein slik plakat, bør du lese den.*

*Her står all nadsynt informasjon om korleis og når du kan ta kontakt med helsestasjonen vår.*

Du kan sjølvsagt òg ta ein telefon til helsestasjonen utanom denne tida for å avtale time. Nokon kan kanskje ikkje møte i denne tida, då kan det avtalast time på eit anna tidspunkt.



In Motion er ei av instruktørgruppene i Luster Danseverkstad. Luster danseverkstad blir drive av ungdom for barn og ungdom – ein metode kalla ung-til-ung formidling. Sidan oppstart i 2005/06 har frivillig ungdom vore ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge danseglede i sine lokalmiljø i Luster kommune. Det siste 1 ½ år er danseverkstaden leia av instruktørgruppa In Motion i samarbeid med instruktørgruppa Illusion, som har vore med frå starten. 10 ungdom i alderen 15-17 år er med i instruktørgruppa In Motion. Unginstruktørane underviser

*Mange av dansane er laga med tanke på å få fram latter og smil. Her ser du Alice og Marita med fargerike parykkar. Foto: Tea Høyheim.*

11 dansegrupper i veka, og over 230 barn i alder 5 -18 år er med.

- I tillegg til å vere utøvande dansarar, ung-instruktørar og koreografar, blir det jobba bevisst med å vere gode førebilete for elevane, fortel Karine Selseng, leiar for Luster Danseverkstad. - Instruktørane går gjennom eit opplæringsprogram før dei byrjar som instruktørar. Dette er i regi av Dans Utan grenser og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Her blir det fokusert på å fremje meistring, sjølvtillit, toleranse og eit godt sosialt miljø, danseverkstaden skal vere ein stad for alle! Kvart semester blir avslutta med ein storslegen elevførestilling. Rundt 250 tilskodarar kjem for å sjå alle dansarane på scenen! Instruktørane si frivillige innsats viser at ungdom er ressursar og tek ansvar for eit godt oppvekstmiljø!

# Luster vidaregåande skule aktive i lokalsamfunnet

Vi ynskjer her å fortelje litt av alt det som skjer på Luster vidaregåande skule, fortel Marianne Sundal ved skulen. Dette vert berre små smakebitar, men vi vil først og fremst setje søkelyset på tilbod som skulen har til både små og store innbyggjarar i kommunen – og ikkje berre til ungdomane som går på vidaregåande.

*Maria Næss, Bernt Aleksander Elle og Joar Søhoel fortel om si erfaring frå kokkeyrket.*



## Vellukka restaurant- og matfagdag for 10.klassingane i kommunen

3. februar var elevar frå 10.klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule inviterte til ein annleis skuledag på Tørvis bre-, ski- og fjordhotell i Marifjøra. Luster vidaregåande skule ville setje fokus på kokk- og servitørnæringa, og fekk god hjelp av 4 tidlegare kokkelevar til å informere om kva dei har gjort etter avslutta skulegang.

**Dei 4 tidlegare elevane Maria Næss, Joar Søhoel, Bernt Aleksander Elle, alle frå Luster kommune, og Jon Vatlestad Uglum frå Sogndal, har alle kokkefagbrev, men har gått i vidt forskjellige spor i val av yrkesretning og arbeidsplassar. Dei hadde likevel det til felles at dei gløda for mat og restaurantbransjen, og ga ungdomsskulee-**

levane eit godt innblikk i kor mange moglegheiter som finst når ein tek ei slik utdanning.

I tillegg fortalte kokken ved Tørvis hotell, Knut Munthe Olsen om si yrkeserfaring, og litt om historia til hotellet. Til slutt informerte leiar for opplæringskontoret for hotell og matfag i fylket, om kva dei gjer for lærlingane innanfor bransjen.

# Fiskesprell på Luster vidaregåande skule



*Sånn skal det gjerast,  
seier "lærar" Joakim Lærum!*



*Robert Austheim klar for å instruere  
kokkesveinane sine!*



*Det vart tid til målestund for  
dei ivrige kokkane, òg.*

Tidleg i januar var det stor aktivitet og mange sprell på kjøkkenet på Luster vidaregåande skule. Vg1 Restaurant og matfag hadde besøk av 5-åringane fra Gamlestova barnehage. Tema for dagen var fisk, frukt og grønt i ulike variantar. Elevane hadde

førebuud seg til å ha ansvar for kvar sine 5-åringar. Ungane fekk prøve seg med skarpe knivar når dei skulle laga sine eigne "skattekister" og fruktspyd. Kjempegode fiskekakar vart og trylla fram mellom hendene på både ungar og ungdomar. Ei ny erfaring for alle partar, som gav meirsmak både i forhold til aktivitetten og resultatet. Det vart og tid til litt andre aktivitetar og dagen vart avslutta med eit måltid som synte stor matglede. Gjennomføringa av dagen var eit samarbeid mellom skulen, barnehagen og Folkehelsa i Sogn og Fjordane. Det vart og arrangert eit fiskesprell-kurs for tilsette i barnehagar og skule, seinare på vinteren. Her var også elevane på barne-og ungdomsarbeid deltagarar. Dei har vidare teke dette med seg ut i praksis. Hausten 2010 hadde me eit tilsvarande kurs for mat- og helselærarar i region. Fiskesprell kan du lese meir om på [www.fiskesprell.no](http://www.fiskesprell.no)

Vg1-elevane Tonje, Joakim og Sandhya gjør klar lunsjen på kjøkenet på Tørvis hotell

Vg1 og Vg2-elevane våre laga fingermat som gjestene fekk til lunsj.

Det var ein svært vellukka dag med god yrkesrettleiing, noko som ungdomsskulane òg ga uttrykk for! Flott at skulen kan dra nytte av lokale bedrifter både i opplæringa av eigne elevar og rekrutteringa av nye!



## "Lokalmat på fleire fat" - Kaker og dessertar

Onsdag 13.april inviterer me serveringsverksemder og råvareprodusentar til ein temadag med fokus på kaker og dessertar. I kommunen vår har me eit rikt utval av lokale råvarer som kan nyttast i mange ulike variasjonar, heile året. I år, som i fjor, er dette i stor grad ein praktisk dag der me kan utveksle idear og erfaringar, lage og smake ulike produkt. Å kunne servera ei heimebaka kake gir ei større matoppleveling attåt kaffien, samtidig som me formidlar noko om det ekte til gjestene.

Mat-og naturinkubator Marte Kjernsholen frå Kunnskapsparken Sogn og Fjordane vert med og vil fortelje kva ein matinkubator held på med.  
Ta kontakt for meir informasjon. Du finn programmet på kommunen si og skulen si heimeside. Me håpar mange tekturen til Hafslo den dagen.

### Gratis vidaregåande opplæring for vaksne

Tenkjer du å ta fagbrev, få generell studiekompetanse, eller få råd og rettleiing om vidaregåande



Faglærar Helge Fardal med deltakarar framfor den ferdige buffeten.

## Er du fylt 25 år, og ynskjer fagbrev/studiekompetanse?

Alle vaksne over 25 år som ikkje har fullført vidaregåande skulegang, har rett til å få slik opplæring.

Opplæringa skal bygge på den kompetanse som den vaksne har opparbeidd seg gjennom sitt yrkesliv og deltaking i organisasjons- og samfunnsliv; såkalla realkompetanse.

Ut frå realkompetanseurderinga finn ein ut kva den einskilde treng av opplæring for å få formell kompetanse. Den vaksne har rett til gratis og mest mogleg "skreddarsydd" opplæring både med omsyn til innhald, prosjeksjon, arbeidssituasjon m.m.

Vaksenopplæringskurs i ulike fag vert sett i gong etter søknad frå dei vaksne. Du kan m.a.o. söke kva tid som helst, og kurs vert sett i gong når det er nok søkerar. Kurs for generell studiekompetanse vert vanlegvis starta opp kvar haust, og her kjem det eigne annonsar i lokalavisene.



Hausten 2010 avslutta 16 vaksne eit vaksenopplæringskurs i helsearbeidarfaget ved Luster vidaregåande skule. Her er dei representerte ved Mette Partenyi Haugen og Sonia Kvam, som spent ventar på eksamensresultata!

## Kurs

Skulen er i gang med å planleggje fleire mindre kurs for neste skuleår, kurs som kan passe for folk flest. Det vert planlagt ulike matkurs, kurs innan design og handverk og eit økonomi-kurs for små verksemder.

Dersom du har spesielle ynskje om tema for kurs, ta gjerne kontakt med oss!

Føl oss på facebook og [www.luster.vgs.no](http://www.luster.vgs.no) seier Marianne Sundal på vegner av skulen.

# Elevar frå Luster ungdomsskule skriv for Lustranytt

Ei veke i mars kombinerer elevar i 9 klasse med besøk i vidaregåande skule og utprøving av arbeidslivet. Servicetorget hadde besøk av fire jenter som laga rapportasjar for Lustranytt.

Dei unge journalistane framme frå venstre: Marte Bergset og Leila Fossheim, bak frå venstre Amalie Nyland og Borghild Prestegård.



## ME'N'U i oppussa lokale

Annakvar fredag møter glade ungdommar i alderen 14-18 år opp på Soltun ungdomshus, òg kjent som Stallen, for å ha ein kjekk kveld i lag. ME'N'U har eit eige ungdomsstyre som planlegg kveldane, der ein har fokus på sosial moro og fysisk aktivitet. Det er eit gratis arrangement, men det er òg høve til å kjøpe ulike kioskvarer. Ein vanleg ungdomskveld inneholdt aktivitetar

som blant anna ballspel, airhockey, biljard og diverse brettspel. I tillegg til kjekke aktivitetar inne, blir det arrangert utekveldar med DNT-ung, aking i Vigdalen, ein kjekk tur til Heggmyrane, idrettshall eller paintball i Skjolden, Mørkridsdalen. Tidlegare har ME'N'U halde til på Luster treningsenter, men har no flytta inn i nyoppussa lokale på

Soltun. I sommar la ME'N'U styret ned ca 50 dugnadstimar til å pusse opp Stallen. Dette har resultert til eit stilfullt og flott lokale som blir mykje brukt. Ønskjer du å vite når neste ME'N'U er kan du gå inn på Luster kommune si eiga heimeside og sjå på kalenderen på framsida.

*Amalie Teigen  
Nyland og  
Borghild  
Prestegård 9.kl.*



*Under oppussing, her er det salg av kioskvarer.*



Glade lustringar gjekk stafett i Holmenkollen under ski-VM.

Frå venstre: Geir Steig, Ane Øvregard Røhme, Bertine Thorsnes Lefdal og Marte Erfjord.

# Lustringar i VM-løypene i Holmenkollen

Bertine Thorsnes Lefdal (IL Bjørn), Ane Øvregard Røhme (IL Bjørn), Geir Steig (Luster IL) og Marte Erfjord (Hafslo IL) er unge og talentfulle. Dei lovande skitalenta frå Luster fekk verkeleg kjenne på den enorme stemninga rundt løypene då den årlege ungdomsstafetten gjekk av stabelen under Ski-VM i Holmenkollen.

- Det var motiverande, stemningsfullt og spennande, skildrar Ane om det ho opplevde i Holmenkollen. Dei fire lustringane vart plukka ut til å delta på Sogn og Fjordane sine to lag ut ifrån prestasjonane deira i SSF-cupen. Ane gjekk på første laget, medan Bertine, Geir og Marte gjekk på Sogn og Fjordane sitt andre lag. Bak dei gode resultata

ligg det mykje hard trenings. Skiløparen frå Hafslo fortel at ho i ei treningsveke kan ende opp med 7-12 timer fysisk aktivitet. Det blir travle dagar med både trening og lekser. Gjennom sporten har ho møtt nye venner og blitt godt kjent med folk frå Fjordane.

Då ungdommane kom til Holmenkollen, fekk dei møte eit folkehav av skientusiastar rundt løypa. Dei fekk sjå tre-mila før dei sjølv skulle i elden. - Det var mange folk som heia, men eg fekk ikkje med meg så masse når eg sjølv gjekk, svarte Geir. Alle var einige om at det var god stemning og ei stor oppleving både under tre-mila og då dei sjølve gjekk stafetten. Dei tre jentene frå Luster fekk òg med

seg fem-mila på søndag før dei reiste heim. Bertine fortel at fem-mila var det kjekkaste å sjå på, fordi det var kamp om gullet gjennom heile løpet.

På ungdomsstafetten var det i tillegg til lag frå Noreg, òg med lag frå Finland, Sverige, Italia og Estland. Finland gjekk av med sigeren, medan Sogn og Fjordane sitt første lag kom på 25 plass og Sogn og Fjordane sitt andre lag kom på 34 plass. Alt i alt var det ikkje resultatet som var det viktigaste for løparane. Dei var glade for det flotte arrangementet og for å ha opplevd noko så stort som dette.

- Amalie Teigen Nyland og Borghild Prestegård 9.kl.

# UKM på Skjolden

## Ungdomen si kulturmønstring



Då me kom til Skjolden, var det allereie god stemning og klart for eit flott show.

Det var utruleg mange gode deltagarar som opptredde. Programleiarane Linda Watten og Espen Sleppen Josvanger gjorde ein flott jobb og introduserte alle dei flotte artistane. Midt i programmet var det ein halvtime pause som mange brukte til å gå opp i kafeen på Fjordstova for å få seg litt å ete.

Deltakarane gjorde ein imponerande innsats og alt gjekk som smurt.

Desse deltagarane gjekk vidare til fylkesmønstringa:

Eline Brun – song/piano

Kine Svor – fokemusikk/song

Norill Terese Norheim – folkemusikk/toradar

Røyst - pop/sang

The Bluegrassers – bluegrass.

*Leila Fossheim, Marte Bergset 9 kl.*

## Lasse Hærum – dommar på UKM

Først må me få vete litt om deg. Eg er frå verdens finaste plass, Luster og eg er 14 år. Det er utruleg morosamt å vere dommar på UKM!

Kva var best med UKM på Skjolden? Det som var best var at eg fekk ta del i å bestemme kven kommunen sine neste supertalent skal vere, det er kjekt. Eg har ikkje vore dommar tidlegare, så det er veldig spennande og interessant. Når ein dømmer, ser ein etter at personen eller personane må ha god utstråling, talent og ein ser ofte etter noko utanom det vanlege. Så det var sjølv sagt verdt turen hit! Om eg sjølv skulle ha opptredd, då måtte eg ha gjort noko som hadde laga litt liv i salen, smiler han.

Til slutt, har du ein personleg favoritt? - Ja, men det kan eg ikkje sei. I tillegg vil eg legge til at det var ekstremt høgt nivå på dei som var med og alle var utruleg flinke.

*Leila Fossheim, Marte Bergset 9 kl.*



*Dommar Lasse Hærum tykte det var høgt nivå blant deltagarane.*



Songgruppa Røyst, frå v: Helga Farestveit, Henning Lad, Endre Aaberg Dahl, Astrid Sjåstad, Einar Bolstad, Ingvild Fåberg.

## Ein prat med Røyst

Kven er de? Me heiter Røyst og består av Astrid Sjåstad (16), Helga Farestveit (18), Einar Boldstad (16), Endre Aaberg Dahl (17), Ingvild Fåberg (17) og Henning Lad (14). Vår lidenskap er å syngje. Det som er bra med å syngje i kor er at songen blir fyldig pga. dei fem fantastiske stemmene våre. Me er synkroniserte og er jo sjølv sagt fine å sjå på! Før me skulle opptre var me kanskje litt nervøse, noko som eigentleg berre er sunt. Me følte det gjekkeldig bra, men kanskje litt mindre tilskodarar enn det me som har opptreddt før er vande med. Dette er fyrste gongen Røyst er med i UKM. Me elskar publikummet! Det var utruleg givande. Det er koseleg med lustringar til ein forandring, seier folka frå Sogndal. Me har førebudd oss i ca. 2 veker. Å kunne songane er jo ein fordel, og me har det kjempemorsamt på øvingane. Me må til slutt legge til at ingen må vere redder for å komme på øvingane, for her tek me inn alle som er glade i å syngje!

*Leila Fossheim,  
Marte Bergset 9 kl.*

# UKM-mønstringa

Her presenterer vi alle som var deltakarar under kultur-mønstringa på Skjolden. Bileta er tekne av Vigdis H. Hatlevoll, Marte Bergset, Leila Fossheim og Karine Selseng.

**SISTE:** Under fylkeskulturmønstringa 1. – 3. april gjekk Norill Terese Norheim, Hafslø, vidare til landsmønstringa. Gratulerer!



*Steffen Aksnes*



*Helga Farestveit og Einar Bolstad*



*Anja Hønsi og Audun Moseng*




*Norill Terese Norheim*



*Kine Svori*

# 2011



Eline Brun



Margrethe Skårhaug Solvi  
og Maiken Sjølie Sviggum



Mathilde Skjærset  
Henning Lad



The Bluegrassers

G2: Kent  
Olav  
Karoliussen  
og Audun  
Moseng



Bob Fransen og gjengen



The snoozers





Frå venstre: Geir Arve Sandvik, Ivar Kvalen, Olav Grov, Anette Stegegjerdet Norberg, Jan Kåre Norberg, Kirsten Viddal, Sølvi Steig, Anders Bolstad, Tore Eriksen

# Formannskapet i Bergen

I januar var formannskapet, rådmannen, økonomisjefen og næringssjefen på vitjing til Framo Engineering AS sitt hovudkontor på Sandsli. Administrerande direktør Ole Gams Steine og økonomidirektør Thorbjørn Vågenes gjekk gjennom selskapet sin bedriftsfilosofi, dei fortalte om mulehetene for selskapet framover og ikkje minst om kvifor dei er

vortne hovudeigar i LMI.

Framo E kjøpte hausten 2009 79,5 % av aksjane i LMI, og satsar no på at "LMI skal bli deira leverandør av kritisk rørysveis".

Det var og omvisning på det nye anlegget på Horsøy, der Framo E investerer 850 mill kroner. Lustringane var også på regionmøte arrangert av Landssamanslutninga av vass-

kraftkommunar (LVK). Tema for dette møtet var eigedomsskatten på kraftverk.

Vasskraftkommunane ynskjer no å få fjerna "minimums- og maksimumsverdiane på eige-domsskatt". Dette kan bety mykje økonomisk for m.a Luster kommune i årleg auke i eigedomsskatt.



Politikarane fekk ei grundig orientering.

Formannskapet framfor ein av dei nye hallane til Framo Engineering.





Næringsjef Olav Grov har fått besøk på standen sin.

Dese representerte Sogn Regionråd i Oslo. F.v. sekretær i regionrådet, Karina Nerland, ordførar Torodd Urnes, Luster, næringsjef Olav Grov, Wilhelm Tangerud, Sogn Nærings, ordførar Marta Finden Halseth, Vik og ordførar Jarle Aarvoll, Sogndal.

## 1250 personar vitja karrieremessene

Årets karrieremesser i regi av Framtidsfylket har hatt større oppslutnad enn nokon gong tidlegare. Luster kommune var representert på alle messene gjennom standen til Sogn Regionråd. Det var representantar frå Luster kommune tilstades på alle messene utanom Trondheim.

Det var mange lustraungdommar bortom standen til Sogn Regionråd. Ein del av dei som er innom messene er kanskje i sin fyrste jobb etter avslutta utdanning. Mange seier at neste jobb, kanskje skal vere i heimlege strøk. Det er elles tydeleg at Luster og Sogn med dei utruleg flotte tilhøva for aktivitet i naturen trekker ungdom attende. Det er gledeleg. I år, som i dei fire føregåande åra, var det messa i Bergen som fekk mest besøk med nesten 600, og det var også den messa

som hadde fleste standar. 50 bedrifter, kommunar og regionar hadde funne vegen til Grieghallen. I snitt var det 38 standar på kvar av messene i Trondheim, Oslo og Sogndal, og i snitt var det mellom 150 og 200 besøkande på desse stadane. I Trondheim er det mest studenter som er i gang med ei høg utdanning, medan i Oslo møter vi gjerne folk som alt har vore i jobb eit par år. I Bergen har vi det meste av alt, meir besøkande og fleire standhaldarar. Sogndal hadde og svært godt besøk av studentar.

### Sogn og Fjordane-filmen

Den største nye programinnslaget på messene i 2011 var premieren på "Sogn og Fjordane-filmen". I filmen vert vi kjende med unge menneske som har flytta eller vurderer å flytte til Sogn og Fjordane. Vi får følgje dei både privat og i jobb, på ulike stader i fylket. Filmen kan du sjå på [Framtidsfylket.no](http://Framtidsfylket.no)

### Nøgd med oppslutnaden

Dagleg leiar Anne van Oorschot

er svært nøgd med oppslutnaden:

– Aldri før har vel så mange kompetente menneske som er nysgjerrige på arbeidsmarknaden og bu- og levetilhøva i Sogn og Fjordane vorte presenterte for så mange interesserte bedrifter, kommunar og regionar. Kvart einaste år har vi potensielle tilflyttarar og arbeidsgjevarar som finn kvarandre på messene, og som avtalar vidare kontakt. Det er ikkje få som har blitt rekrutterte på denne måten, seier van Oorschot.

– Men dei langsigte verknaðane er minst like viktige. Fleire av studentane som er innom messene har fleire år att med studiar, men ønskjer alt no å finne ut kva dei ulike arbeidsplassane i Sogn og Fjordane har å by på slik at dei kan planleggje karrieren vidare, og kvar dei skal slå seg ned i framtida. Ingen lever av frisk luft og vakker natur aleine, og omdømet vårt må derfor særleg omfatte kva høve som finst for å få spennande jobbar.

# Ein hendingsrik vinter for Ski Sogn prosjektet

Dette har vore den mest hendingsrike sesongen for Ski Sogn prosjektet so langt, fortel prosjektleiar Øystein Sagabråten til Lustranytt. I lange periodar i vinter har det vore eventyrlege forhold både i og utanfor alpinløypene. Rykta om gode forhold har gått til og med utanfor landgrensene. "Dei beste snøtilhøva i Indre Sogn på 10 år? Legendariske greier", melde Bjørnar Bjørhusdal, guide i aktivitetsverksemda Fimbul Jostedal, tidlegare i vinter. Og han er ikkje ein mann som brukar strø om seg med store ord.

## Skifotografar

Som fylgje av ryktet om dei fantastiske snøtilhøva, avlyste skifotograf Mattias Fredriksson opphaldet sitt i Sveits, Lofoten og på Austlandet og tok med seg Salomon Freeski TV med Mike Douglas i spissen hit til Sogn. Mike Douglas er ein av verdas beste frikøyrarar på ski og rekna som frikøyringa sin "gudfar". Mattias Fredriksson på si side er ein av verdas aller mest kjende skifotografar, med bileta sine på trykk jamleg i alle dei største skimagasina i verda. Saman med filmselskapet Field Productions, som hausta mykje god omtale for fjorårets skifilm "Side By Side", og nokre av Norges absolutt beste frikøyrarar på ski, Eirik Finseth, Åsmund Thorsen og Asbjørn Eggebø, låg dei her i 10 dagar i februar og spelte inn film og tok bilete. Field Productions kjem attende seinare for å filme meir... Då det vart kjent at denne gjen- gen skulle kome til Sogn, fekk Fri Flyt, Norges største og mest

kjende friluftsmagasin, det travelt med å komme seg frå Oslo til Sogn. Dei følgde innspelinga i to dagar og laga både filmrapportasje til nettsidene sine og rapportasje til bladet sitt.

## Oppdrag Sognefjorden på TV-skjermen

I desse dagar går "Oppdrag Sognefjorden" sin sigersgang på NRK1. Storsatsinga, med mellom anna Lasse Kjus, Karina Hollekim, PC Fosse og John Håvard Grøgård med fleire vart spelt inn i fjor vinter og syter for at Sognefjorden blir synt fram på ein måte ingen har sett tidlegare. Gjennom sju episodar får vi sjå utøvarane utforske fjord og fjell og bli kjende med kvarandre, og vi med dei. Fantastisk reklame, og vi var til stades på premierefesten med bannera med flotte vinterbilete som mange beit seg merke i.

**Eit anna norsk filmselskap,** Chaoz Productions, skal også spele inn deler av skifilmen sin her i området. I midten av mars kjem dei saman med Petter Bolstad, idéhavaren til "Oppdrag Sognefjorden", og PC Fosse, ein av skikøyrarane ein vert godt kjend med i TV-serien, for å filme og ta biletet av hopping i verdsklasse med spektakulær utsikt over fjord og fjell.

## Freeride i Sogndalsdalen

Under Norgescupen i Freeride i Sogndalsdalen var Planckfilm til stades for å lage reportasje av arrangementet for NRK. Og for ein reportasje det vart. Både utøvarane og arrangørane var unisont einige om at dette var dei

beste tilhøva som nokon gong har vore i ein norsk frikøyrringskonkurranse. Slik blir det god reklame av.

## Russisk film

Ein av dei tinga som kanskje ikkje kjem til å bli så godt lagt merke til her til lands, men som er særartig, er innspelinga av skifilmen "Ride The Planet". Dette er den første russiske frikøyrringsfilmen nokosinne, og då tykkjer vi det er morosamt at dei kjem hit til Ski Sogn for å gjere delar av innspelinga si.

## Brehola i Nigardsbreen

I slutten av mars kjem det eit engelsk filmselskap som skal filme inne i brehola. Vi prøver so langt vi kan å få alle journalistar og filmselskap til å turen inn i brehola under Nigardsbreen når dei er her. Dette er eit heilt unikt produkt ein kan oppleve få stader i verda, og få, om nokon andre stader, er det så lett tilgjengeleg som her. Brehola er ein internasjonal attraksjon i toppklasse. Også ein nederlandsk pressetur som kjem i mars er særartig gira på å kome inn i brehola for å filme og ta biletet. Dette er ei gruppe med journalistar frå fleire ulike media, både store nasjonale aviser og magasin, men og meir nisjeprega nettstader.

## Annonsering

Ski Sogn gjennomfører også ein del annonsekampanjar gjennom vinteren, mellom anna i Sogn og Fjordane Samkøyringa, Optimisten, Nordfjordsamkøyringa, Bergens Tidende, Bergensringen, Tid For... (vedlegg distribuert med

# Premieremarkering Oppdrag Sognefjorden

Torsdag 3. mars var det stor markering av premieren på TV-serien Oppdrag Sognefjorden. Arrangementet var i Bærum kulturhus i Sandvika. Det var produksjonsselskapet Flash Studio som hadde ansvaret for arrangementet, men NRK var også i kulissane. Det var først heilgrilla hjort fra Luster og Tørvis hotell til alle gjester utanfor kulturhuset. Der var det også bigjump med opptrekk av motorsykkel og basehopping fra kran. Inne i hovudsalen som var stappfull med over 500 gjester, var det høgdepunkt fra serien og presentasjon av deltakarar og folka som sto bak kamera. Næringsjef Olav Grov hadde og eit innslag om kva ein slik serie i sju episodar "prime time" på NRK 1 kan bety for reiselivet i Sogn.

Til slutt vart heile episode 1 synt for publikum.

Etterpå var det mingling, musikk og moro.



Næringsjef Olav Grov fortalte kva serien kan bety for reiselivet i Sogn.

Dagens Næringsliv og Dagbladet), Fri Flyt og UTE. Vi har også hatt stand i Sogndal i høve fjerninga av Fjærlandsbommen og i Førde midt under julehandelen. Alt for å prøve å lokke folk til å kome hit for å stå på ski. I tillegg vert det gjennom Ski Fjord Norway samarbeidet (Fjord Norge si skisatsing) jobba mot den utanlandske marknaden. Ein arbeider målretta mot aktuelle turoperatørar og transportørar i utvalde marknader, og det vert gjennomført annonsekampanjar i ulike media, både trykte og på internett. Noko gjer vi i samarbeid med Innovasjon Norge, medan anna vert gjort saman med til dømes Norwegian og Fjord Line. Det vert også arbeidd på eiga hand, til dømes gjennom besøk hjå turoperatørar og annonsering i utvald presse.

Vi er no midt i arbeidet med å få til ei forlenging av Ski Sogn prosjektet, og det er sjølv sagt med ei viss spaning, ettersom snøbalen no for alvor ser ut til å ha

byrja rulle for Ski Sogn. Det ville vere forferdeleg synd å måtte gje seg ne, eller senke aktivitetsnivået betydeleg, men vi har tru på at vi får det til, og ikkje minst tru på at vi skal lukkast i arbeidet med å gjere Ski Sogn til ein vinterdestinasjon kor skisenter og overnattings- og aktivitetsverksemder kan ha ei stabil omsetjing. Ein må ta i betraktning at det er eit langsigktig arbeid som no er i gang, og at ein difor må ha tålmod og tote stå løpet ut. Mest truleg ser vi ikkje resultat av det arbeidet vi gjer no før om tre til fem år.

Det har vorte sagt at den merksemda Ski Sogn no får, minner mykje om det ein opplevde med Lyngsalpane og Lofoten for omlag 10 år sidan. Med tanke på kva som har skjedd der, går vi spanande tider i møte, avsluttar Sagabråten.



# Etti er dagleg leiar på Turtagrø Hotel

**Navn:** Etti Salomonsen

**Stilling:** Dagleg leiar Turtagrø Hotel

**Alder:** 49 år

**Sivil status:** Skild og hundeeigar

Etti, du har vore dagleg leiar på Turtagrø i 4 månader no.

## Kva tykkjer du?

Har allereie hatt mange flotte opplevingar i den nye jobben min. Dagane er varierte med planlegging for sesongen, marknadsføring, kontakt med gjestene og hyggelege møte med lokalbefolkninga. Samstundes grublar eg mykje rundt ideen om kva som skal bli Turtagrø sitt matkonsept. Jobben er svært inspirerande, spennande og travel, men også morosam.

## Kva har du drive med tidlegare som gjer at du likar dette så godt?

Eg har hatt arbeida med mat og leiing i veldig mange år. Hotell-

og restaurantbransjen står aldri stille og dette er noko eg trivst med og som ligg i blodet. Det å kunne vere aktiv og kreativ, skape noko og raskt sjå resultat, gjer dagane og jobben både interessante og tilfredsstillande. Etter mange år i USA og kjøkkensjefjobb hjå Hroar Dege starta eg på 1990-talet Etti's sel-skapsmat som metta ca 300 menneske dagleg. I tillegg til kantinedrifta dreiv eg eit cateringsselskap, som hadde merkevara "Vi bringer gourmetrestauranten hjem til deg". Deretter blei det ein runde som TV-kokk og kokkekursing før eg byrja å jobbe i kontrollorganet for økologisk mat. Arbeidsoppgåvene dei siste åra har hovudsakleg vore innafor informasjon og marknadsføring. I mange år har eg lengta etter å koma meg ut av Oslo som er heimbyen min, og kunne bu i omgjevnader med

meir natur. Det får eg høve til no som dagleg leiar på Turtagrø Hotel. Arbeidet i resepsjonen på hotellet i fjar gav meirsmak og eg ser fram til å koma tilbake dit, - i ein kommune som har mykje håpefullt å by på, og ikkje minst kunne bu midt i fjellheimen.

## Det snøar for tida, blir påska bra?

Påska blir smakfull og endå betre dersom været viser seg frå si strålende side. Vi har mykje å tilby gjestene i påskedagane. Av kurs kan vi tilby skredkurs og nytt av året blir det brattskikøyring. Av andre aktivitetar blir det toppturar med førar frå Norgesguidane og 4-dagars yogakurs med Lene frå Yogarommet. På yogakurset er det høve til å ta enkelttimar eller vere med på alle dagane. Påska handlar om noko meir enn berre turar. Det skal vere tid til å ete

# Luster Arbeidssenter AS er Equass

Luster Arbeidssenter AS vart 31.januar 2011 sertifisert etter den europeiske Equass-standarden for kvalitet innan sosialnestene.

Me har arbeida systematisk over halvanna år med å få kvalitetsskringssystemet på plass, seier dagleg leiar Anita Kjørlaug til Lustranytt. Rapporten frå revisor viser at me stod med glans og saman med medarbeidar Elisabeth B. Orrestad kan vi gle oss over å ha fått ei europeisk sertifisering.

## Kva er Equass?

Equass er ein kvalitetsstandard som har fokus på menneskeleg utvikling, og revisor gjennom-

gjekk tema som leiing, rettar og plikter, etikk, brukarmedverknad, kundekrav, kvalitetsforbetring og resultatfokus.

Alle bedrifter som skal levera tiltak i skjerma sektor må vera godkjende etter denne standarden frå 2012. Luster Arbeidssenter er den tredje bedriften i Indre Sogn som vert godkjend. Dette er ein stor prestasjon for ei så lita bedrift med kun to tilsette.

Luster Arbeidssenter AS kan i dag tilby 20 tiltakspllassar. Dei har tiltaka Arbeid med bistand (AB) og Studiar med støtte (SMS).

Arbeid med bistand er eit tiltak som skal hjelpe yrkeshemma

arbeidssøkarar til å kunne få og behalde eit arbeid i ordinært arbeidsliv.

Studiar med støtte er eit tilbod for studentar med psykiske helseproblem som treng støtte, rådgjeving og tilrettelegging i studiekvarden. Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom NAV, tiltaksarrangør, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Studentsamskipnaden.

Prosjektet starta opp våren 2008 og varer inntil vidare ut 2012. Målet vårt er å hjelpa flest mogleg til å få seg eit arbeid eller fullføre utdanning. Me ønskjer å vere ein dørpnar til arbeidslivet, seier Kjørlaug.

godt, kose seg og dersom været tillet det skal vi kunne vere ute og ha det moro. Difor lagar vi ein eigen akebakke som vi kan boltre oss i. Ein av dagane kan gjestene vere med på å setje sitt preg på Turtagrø sine heimelaga pølser. Dagen etter grillar vi pølsene og har avstemming på kva for pølse som blir årets fjellpølse. Og så var det påskelammet, det serverer vi frå grillen på påskeafta.

Opning av sesongen byr også på ei fotoutstilling, med bilete av Pål Hermansen. Han er ein av Noreg sine dyktige naturfotografar.

### Høve til film og popcorn på Turtagrø

I kjellaren ligg eit rom som vi kallar Hulen. Vi har pussa opp rommet og innreidd det til fjettel sitt filmrom. Gjennom sesongen skal vi ha filmkveldar her ein gong i veka. Det vil bli vist alt frå klassikarar frå tidlegare Fjellfilmfestivalar til andre overraskande sjangrar. Alle er vel-



komne og vi håpar også å sjå dykk som bur i nærområdet. For å halde seg informert om filmane kan ein gå inn på nettsidene våre der ein vil finne informasjon og trailerar.

### *Me har høyrt rykte om konserter?*

Musikk blir det også i år. Nokre musikalske tonar og innslag gjer seg i dei spektakulære fjella. Lurdag 21. mai syng og spelar den engelske singer-songwriteren Jess Morgan saman med HP Gundersen. Sistnemnde spelar steelgitar. Det første albumet hennar fekk ei fantastisk mottaking. Eg håper å få sjå langt fleire enn hotellet sine gjester denne kvelden. Programmet for kvelden er under arbeid. Så vi får sjå kva meir vi kan overraske med.

### *Kva meir – me tenkjer på sommeran?*

Sidan eg har jobba mange år som kjøkkensjef står mat meg veldig nær. Eg ser fram til å få kjøkkensjefen vår, Roland, tilbake og kunne samarbeide med han om kva det vidare matkonseptet vårt skal vere. Det vil ha et innhald som handlar om rustikk. Det høver i fjellet. Eg kan også tenkja meg at turvandrane som kjem ned frå fjellet

kan koma innom for ein "etter tur snack" rett frå grillen. Noko anna som står på agendaen er at vi er ein del av prosjektet "Mat langs nasjonale touristvegar". I den samanheng, men også generelt, ser eg fram til eit tettare samarbeid med lokale produsentar. Utover maten og arrangementa som Highcamp og fjellfilmfestivalen blir det gjennom sesongen fjellføring, toppturveke, fotokurs, yogakurs og leirkurs med tema "Lær å bruke magefølelsen og intuisjonen din i lederskap".

### *Korleis kjennest det i magen?*

Apropos å ta magekjensla på alvor, kunne ikkje dette vore meir på sin plass. For akkurat no er det eit hav av ballar i lufta, som ein etter ein landar. Det er moro! Det kriblar og det blir lange arbeidsdagar, men pulsen er roleg og eg stortrivst. Og kanskje det viktigaste av alt er at eg gler meg veldig til å sjå alle dei tilsette. Eg har ein fantastisk flott gjeng med meg som er positive, motiverte og utruleg samarbeidsvillige. Saman er vi eit imponerande team, og alle er med på å gjere dette til ein trivelig arbeidsplass.

## -sertifisert




Dagleg leiar ved Luster Arbeidssenter, Anita Kjørlaug, med det synlege beviset på at dei er Equass-sertifisert.

# Pyramiden investerer for 11 millionar kroner

For å halde tritt med dagens krav frå kundar og leigetakrar, er den pågåande opprustinga av Pyramiden heilt naudsynt. Prislappen på ombygging og oppgradering ved Pyramiden i denne omgang vil vere på kring 11 mill. kroner. Største kostnaden er knytt til nytt

varme- og ventilasjonsanlegg. Innrekna utvendig og innvendige installasjonar har prosjektet ei kostnadsramme på 8,5 mill. kroner. Omrokkering og opprusting av bygningsmassen til nytt bibliotek, kafè, veranda og butikkar vil koste kring 2,5 mill. kroner.



Pyramiden satsar miljøvenleg.

Skal spara straum tilsvarande 30 einebustader

Etter 25 år som butikk- og servicesenter og møteplass nummer ein i kommunen, tok Pyramiden fatt på omfattende opprustingsarbeid i november 2010. Det store prosjektet er i første omgang omfatta av nytt ventilasjonsanlegg og ny varmeforsyning gjennom varmepumpe. Dei nye installasjonane skal spara huset for store oppvarmingskostnader. Målet er at Pyramiden skal få ned straumforbruket med 750.000 kWh på årsbasis. Dette tilsvasar normal-

forbruk av elektrisk straum tilsvarande 30 einebustader. I 1985 var Pyramiden det første butiksenteret i Sogn og Fjordane, og tida var no komendå det måtte gjerast noko med ventilasjonsanlegget. Pyramiden valde då å ta steget fullt ut og bygge heilt nytt ventilasjonsanlegg på same tid som det blir installert varmepumper med vassboren varme. M.a. blir det sett opp radiatorar på alle kontor og smårom. Det nye anlegget for ventilasjon

og varme er lite synleg for publikum, bortsett frå ventilasjonsromma på taket på kring 200 m<sup>2</sup>. Dette måtte til for å få plass til alt teknisk utstyr knytta til prosjektet.

## Stor investering

Nybudding og fornyinga av ventilasjons- og oppvarming/kjøleanlegget er ei svært stor investering for Pyramiden. Kostnadsoverslaget er på kring 8,5 mill. kroner. Men dersom ein oppnår å redusere stramfor-



## Pyramiden i utvikling: Ombygging og nye tilbod

bruket med 750.000 kwh, vil det gje ei årleg innsparing på kring 450.000 kroner.

### Miljøvenleg

Her er det ikkje berre snakk om innsparing i kroner og øre. Å drive energiøkonomisering i store bygningar er i høgste grad miljøvenleg. Ved å ta den store investeringa no, sparar ein det ytre miljøet ved å redusere forbruket av elektrisk kraft, på same tid som huset får eit langt betre innemiljø både for tilsette og kundar.

Etter planen skal det nye anlegget stå ferdig til 1. mai.

Om kort tid startar arbeidet med ombygging og omrokering av butikkar, kafè og biblioteket i Pyramiden. Den nye sentralkafeen skal overta lokal til Gull og Husflid, leikeplassen og biblioteket. Biblioteket skal opprustast med nye tidmessige tenester og flyttar inn i lokal som i dag er nytta til kafe/pub. Vidare skal Gull og Husflid flytta over midtgangen til lokale ved sida av Bli Ny.

Den nye kafeen skal i tillegg utvidast med stor sol-vendt veranda over hovudinngang mot vest. Denne omrokkinga skal gje rom for at dei ulike einingane som får høve til å utvikle seg vidare og gjere fasilitetar og tilbod til publikum betre.

## Mange personar i arbeid

Oppgraderinga og ombygginga i Pyramiden har og vil framleis sysselsetje mange personar. Opprustinga av bygningsmassen har engasjert fagfolk frå mest alle fag frå tømrarar, varme og ventilaasjon, elektro, kjøl og frys osv. Kring 15 personar har kontinuerleg vore i arbeid med prosjektet sidan starten i november.

Totalentreprenør på ventila-

sjon er GK Norge a.s., underentreprenør på røyr: Sogn Kjøleservice a.s., entreprenør elektro: Luster Energiverk, entreprenør riving: Sogn Skadeservice, entreprenør tømrararbeid: Sogn Byggservice a.s. I tillegg er det levert rådgjevande byggteknikk frå Hafslo Byggservice a.s og Arne Øyen.

# Info om tuberkulosearbeidet

Det har vore endring i tuberkulosearbeidet dei seinare åra. Mellom anna er det slutt på å vaksinere alle norske barn mot tuberkulose i ungdomsskulealder. Vi skal rette merksemda meir mot personar som kan vere utsette for smitte.

I denne samanheng er det viktig å vite noko om kvar ein er mest utsett for å bli smitta, og kva einskildpersonar eller grupper det er viktig å kontrollere.

## Arbeidsgjever som tilset utanlandske arbeidarar

### Tuberkulosekontroll

Tuberkulose er ein alvorleg smittesjukdom og kontroll og behandling er regulert av lov og forskrift. Førekomensten av

Tuberkulose i Noreg er ikkje stor, men av dei med

Tuberkulose kjem ca 80 % frå andre land. Mange land i verda har framleis høg førekomst av tuberkulose. For å avgrense smitte, har personar frå land med høg førekomst av tuberkulose plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking (Forskrift om tuberkulosekontroll, kapittel 3, § 3-1).

Plikta til slik undersøking gjeld dersom personen skal opphalde seg i landet i meir enn 3 månader, og omfattar eit røntgenbilde av lungene. Undersøkinga bør skje snarast mogeleg og *seinast innan* fire veker etter dei kjem til Noreg.

Kontakt smittevernlege / kommunelege for å få gjennomført dette. Dersom du tilset mange utanlandske arbeidarar, bør du avtale med din lokale smittevernlege / kommunelege korleis de best kan organisere dette for å spare tid og ressursar på blant anna transport til og frå røntgenavdelinga. Smittevernlegen

kan om nødvendig få namnet på personar som skal visast til røntgen før personane er komne til landet for å få fortgang i henvisinga.

Dersom det ved bedifta /arbeidsplassen din er behov for støtte og råd til korleis gjennomføre dette, kontakt din lokale smittevernlege / helsestasjon tlf: 57685600/57685605, eller sok råd hos TB koordinator i Helse Førde, tlf: 41530521

Oversikt over land med høg tuberkuloseførekomst på folkehelseinstituttet si nettside: [www.fhi.no](http://www.fhi.no) eller på Luster kommune si heimeside under smittevern.

### Pr desember 2010 gjeld dette følgjande land:

*WHOs Europaregion (denne inkluderer Sentral-Asia og Israel):* Albania, Armenia, Aserbajdsjan, Bosnia-Herzegovina, Bulgaria, Estland, Georgia, Hviterussland, Kasakstan, Kirgisistan, Kosovo, Kroatia, Latvia, Litauen, Makedonia, Moldova, Montenegro, Romania, Russland, Serbia, Tadsjikistan, Turkmenistan, Tyrkia, Ukraina og Usbekistan.



Leiande helsesøster Anne Helen Strandabø informerer om tuberkulosearbeidet.

Andre verdsdeler: Alle land utanom USA, Canada, Australia, Japan og Ny-Zealand.

Personar frå EU-medlemsland som omfattast av plikt til tuberkuloseundersøking (Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen og Romania) er ikkje fritekne for plikt til tuberkuloseundersøking, men plikta trer først inn når dei søker opphalds- eller arbeidsløyve eller etter seks månader.

## Endra fristar på faktura frå kommunen

Kommunen tek frå 1. april i bruk nytt økonomisystem. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Balestrand kommune, Leikanger kommune, Sogndal kommune og Luster kommune.

Systemet vil ha nye modular både innanfor løn, rekneskap, budsjett og fakturering.

Som kundar i det nye systemet vil

de m.a. merke følgjande endringar:

- Ny utforming av lønsslipp, frå juni/juli også tilbod om elektronisk lønsslipp.
- Ny bankkonto for innbetalingar.
- Dei som har e-fakturakontraktar med kommunen på ei eller fleire tenester vil få dette på alle varer og tenester som vert fattert frå kommunen.

Kommunen har elles som tidlegare

# Risikogrupper i kommunen

Asylsøkarar og flyktingar.	Dei fleste er undersøkt før dei kjem til kommunen. Kjem via transittmottak/asylmottak. Skal sjekkast innan 14 dagar etter dei er komne til landet.
Familieinnvandrarar frå land med høg førekomst.	Kjem ofte rett til kommunen. Skal sjekkast så snart som råd og seinast innan 4 veker.
Arbeidsinnvandrarar og studentar frå land med høg førekomst av tuberkulose. Dette kan gjelde sesongarbeidarar(bær/frukt plukkarar, fruktager, hotell) , bygningsarbeidarar, au pair som er her meir enn 3 månader.	Desse personane kjem som regel rett til kommunen. Dei skal sjekkast innan 4 veker.
Personar frå land med høg førekomst som inngår giftemål/sambuarskap med nordmann.	Skal sjekkast så snart som råd og innan 4 veker.
Personar som i løpet av dei 3 siste åra har hatt opphold i meir enn 3 månader i land med høg førekomst av tuberkulose og som er nytilsett eller skal gå inn att i stillingar i helse- og omsorgstenesta, eller i stillingar knytta til barneomsorg (skule, barnehage). Plikta gjeld også for personar som er under opplæring eller hospitering.	Skal sjekkast så snart som råd og før tilsetjing. Det er arbeidsgjevar som er pliktig å sjå til at dette vert gjennomført.
Andre personar som det er medisinsk mistanke om er eller har vore i risiko for å verte smitta med tuberkulose. Dette kan gjelde eldre personar, rusmisbrukarar, dei med nedsett imunforsvar (HIV, Aids)	Skal sjekkast raskt ved mistanke om smittsam sjukdom.
Personar som av medisinsk årsak(før oppstart av behandling) treng å sjekke tuberkulinstatus.	Vert henvist til tuberkulosesjekk av fastlege eller spesialist
Born som vert født i Norge av innvandrarar som kjem frå land med høg førekomst av tuberkulose.	Desse borna får BCG vaksine på fødeavdeling eller helsestasjon. Skal skje innan 6 veker etter fødsel.

orientert om, måtte foreta ein del omleggingar av betalingsfristar. M.a. vart utfakturing 20. mars med forfall 20.april utsett. Det betyr at kundar med faste månadlege innbetalingar, barnehage, husleige m.v. vil få krav om 2 månadsinnbetalingar i april med forfall 20. mai. Me viser i denne samanheng også til melding på utsendt faktura i februar.


## Kommunale avgifter

1. termin kommunale avgifter, vassavgift, kloakk, renovasjon, feiring som til vanleg vert fakturert i mars med forfall 20. april er også forskyvd ein månad ved at utsending skjer i april med forfall 20. mai.

*Økonomisjef Jan Kåre Norberg fortel om endra betalingsfristar på grunn av omlegging til nytt økonomisystem.*



2. til 13. juni 2011



# Lustra-marknaden

Me startar sommaren med eit spenstig arrangement i år også. Etter ein god prosess med planleggingsmøte i regi av Frivilligskulen i Luster Frivilligsentral og innspel frå lag og organisasjonar har me fått på plass ei heil mønstring av kulturelle godbitar. Marknaden i år spenner over Brefestivalen i Jostedalen som startar torsdag 2. juni og Lustraløpet som markerar "slutt-en" den 13. juni. Den store marknadsdagen vert laurdag 11. juni. Lustramarknaden har vorte eit arrangement med tradisjonar både for lokale og omstreifande kremmarar. Det er heller ikkje

tvil om at for eit stort publikum vert dette opplevd som eit arrangement der næring og kultur møtest på ein triveleg måte. Dette er målet med marknaden, å få vise fram kva som finst av varer og tenester i Luster generelt og i kommunesenteret spesielt - i ein kulturell og triveleg innpakning.

## Alle kan vera med

Dei som driv rein næringsverksamhet betalar ei leige for areal til sin stand og ein andel av den felles marknadsføringa som vert utført av Lustramarknaden. Alle andre frivillige lag og organisasjonar betalar ei symbolsk avgift for felles marknadsføring.

## Viktig arena for nye tiltak

For dei i kommunen og nærområdet som driv innan småskalavirksemd og heimeindustri og innan husflid, mat produksjon osv. er dette ein viktig arena for å møta sitt publikum. Her er ingen for liten til å vera med! Oppmodinga går difor til alle som har noko dei vil visa fram, eller selja: Ta kontakt med Lustramarknaden og meld deg på!

## Frivillige organisasjonar

Skal me skape ein marknadsstemming av den "gode, gamle sorten" er det nødvendig å spela på mange strenger!

Lustramarknaden er staden der



alle kan få vise seg fram og formidle noko av det dei held på med. På Lustramarknaden møter også organisasjonane eit større publikum, noko som gjer det ekstra spennande å delta - bruk Lustramarknaden som vindauge mot verda og nærmiljøet ditt.

#### Kva kostar det å få tildelt eigen stand?

I prinsippet har Lustramarknaden lagt seg på ei linje der økonomien i kvart enkelt arrangement skal gå i balanse. Med den støtte som lokalt næringsliv og Luster kommune har vist overfor arrangementet har det til no vorte kravt inn ei symbolsk avgift for tildeling av standplass og som del av den felles marknadsføringa som Lustramarknaden står for gjennom avis og web-annonsering.

#### Prisane for leige av stand i 2011 er:

5 meter breidde stand: kr 750.

10 meter breidde stand: kr 1.500.

Inntil 20 kvm stand (kommersielt sal): kr 3.000.

Inntil 40 kvm stand (kommersielt sal): kr 4.500.

Andre (ikkje kommersielle) lag: kr 200.

#### Påmeldingsfrist 15. mai

Ved å betale inn standleige på førehand til: 3785. 60. 24181 er du garantert plass på utstillingsområdet!

Utstillarane må sjølve halda bord/stol og ev. monte- ringsvegg.

#### Annonse i

#### MARKNADSAVISA

Lustramarknaden har inn- gått ein samarbeidsavtale med Sogn Avis. Det vert eit eige magasin som skal ut laurdag 4. juni og skal gå som innlegg i Sogn Avis til alle husstandane i Luster, Sogndal, Leikanger og Årdal kommunar.

Lustramarknaden er alt profilert på [www.sognavis.no](http://www.sognavis.no). I tillegg ver det fleire annonser i Sogn Avis, Firda og Firdaposten.

Magasinet vert lagt ut på heimesida til Pyramiden. Med så god profiliering og med eit historisk godt program vert truleg årets Lustramarknad meir besøkt enn nokon gong.

Annonsefrist: torsdag 19. mai kl. 15.00. Prisar eks. mva., inkl. farge: Heil side kr 7000, halv side kr 3900, kvart side kr 2500, små moduler til dei som har stand kr. 500.

#### Lustramarknaden 2011 er ein komite samansett av:

Luster Sparebank, Luster kommune, Pyramiden Senterforening, COOP – Prix Gaupne, COOP – Bygg Mix Gaupne og Luster Næringsamskipnad der desse er med: Bård Huseby, Svein Norberg, Erling Bjørnetun, Svein Døsen og Mette Alme.

#### Kontakt:

[post@pyramidensenter.no](mailto:post@pyramidensenter.no)  
Annonsekontakt: Odd Reksnes, marknadssjef i Sogn Avis,  
[odd@sognavis.no](mailto:odd@sognavis.no)



## Kulturforum – Luster

Etter initiativ frå Luster Frivilligsentral har representantar for ulike kulurorganisasjonar i Luster kommune starta opp eit Kulturforum. Først og fremst er dette initiativet meint å vera eit forsøk på å utvikle kulturlivet generelt, men også ein freistnad på å skape ein diskusjon om nye samarbeidsformer og den framtidige lags- og organisasjonsstrukturen i kommunen vår. Men litt viktig vil det også vera å samordne krav og innspeil til aktørane bak den offentlege kulturpolitikken lokalt og regionalt.

#### Kven kan bli med i Kulturforum – Luster?

Først og fremst vil dette vera eit forum for frivillige lag og organisasjonar, kulturinteresserte personar og representantar for lokalt næringsliv som også ser fordeler med eit aktivt og kreativt kulturliv i Luster.

Forum betyr i utgangspunktet at det er breitt samansett og at målet med det er viktigare enn persongalleriet.

Systematisk oppfølging, koordinering og oppdatering vil vera avgjerande for måloppnåing og den interne aktiviteten. Men på dette feltet treng ein kanskje ikkje finna opp krutet på nytt, sidan dette også er ein type aktivitet som har vorte utprøvd fleire stader allereie. Interesserte kan ta kontakt med Luster Frivilligsentral, telefon: 45 66 59 54, E-post: [post@luster.frivilligsentral.no](mailto:post@luster.frivilligsentral.no), <http://luster.frivilligsentral.no>/



*Einmannsteateret Abrakadabra trakk mange tilhøyrarar.*

# Bokbåten på besøk i Luster

Bokbåten Epos er ei felles teneste for Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Båten har vore i drift sidan 1963.

Fra september til april besøker båten 250 små stadar frå øyer ute i havet til inst i fjordane. Epos er 80 fot lang og har med eit bibliotek på ca 6000 bøker. Om bord er ein kaptein, ein kombinert sjømann/kokk, to tre bibliotekarar og nokon som står for underhaldninga. Kvart fylkesbibliotek har eiga boksamling som blir flytta om bord og ut att etter kvar tur i kvart fylke.

Fredag 4. mars la bokbåten ut frå Førde med rute rundt i Sogn og Fjordane til og med 20. mars. Med på turen i år var Trond Magnum frå Abrakadabra Teatret med forestillinga BOKstavelig talt. Bokbåten stoppa 33 stader for

å låne ut bøker, og "Bokstavelig talt" blei vist 29 gongar i løpet av turen.

I Luster har båten stoppestader i Solvorn, Kroken og Kinsedal. I Solvorn og Kroken med program.

Bileta er i frå Kroken, laurdag 12.mars 2011, der det alltid er feststemning når båten legg til land. Dei som er med på turneen seier det nesten er som 17.mai når dei kjem.

Bygdefolket på sørsida veit å nytte seg av dette unike kulturtildaket. Store og små samlast og etterpå har dei bokkafé på grendehuset Fjordatunet.

## Bokbåten er unik

I fleire år har det vore snakk om å legge ned bokbåttenesta. Men kvar gong i siste augneblink har tenesta blitt redda. No er båten sikra drift for neste tre år. Mange politikarar mei-

*Det var tett pakka med folk i bokbåten i Kroken.*



ner at sjølv om det har blitt enklare for folk, også i grisgrindte strøk, å få tenester frå bibliotek, så er bokbåten ein viktig kulturinstitusjon i seg sjølv. Den er ein kulturbåt. Bokbåten er unik i heile verda.



*Frå grendehuset i Kroken. Det var sal av kaffi og vaflar og utlodning til innlekt for ein skuletur.*



# Luster bibliotek, avdeling Hafslo eit bibliotek for alle

Dette er eit flott bibliotek med stor aktivitet. Denne avdelinga av Luster bibliotek opna i nye lokale hausten 2004. Det er eit kombinasjonsbibliotek for skule og tradisjonelle folkebibliotek-brukarar. Den største brukargruppa er elevar og lærarar ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Elevar på Luster vidaregåande skule er også mykje innom i løpet av ein skuledag. I 2009 vart det registrert nesten 25.000 besök. I 2010 litt lågare besök-

stal, men godt over 3000 fleire utlån. Besøkstalet hadde vore enda høgare om fleire utanfor skular og barnehagar hadde nytta seg av biblioteket. Vi erfarer ofte at det er mange som ikkje er klar over at det finst eit bibliotek i fellesbygget som er ope for alle.

I Luster kommune er det biblioteket på Hafslo som har best utval på barne- og ungdomslitteratur. Ved sida av ei stor boksamling har biblioteket også eit

breitt utval av tidsskrift, film, musikk cd'ar og lydbøker. Det som ikkje er på hylla, kan som regel tingast frå hovudbibliotek eller andre bibliotek. Når du er innom, ta ein titt på utstillingane i montrane og rundt om elles.

## Opningstider:

Måndag:	09-16
Tysdag:	09-15
Onsdag:	09-15

## Besøk biblioteket ditt på Facebook

Luster bibliotek har no ei aktiv side på Facebook. Her blir det dagleg lagt ut nyhende og litteraturtips.

Er du sjølv på Facebook, kan du finne sida ved å skrive inn "Luster bibliotek" i søkefeltet øvst på sida. For å bli tilhengjar trykker du "Legg til i favoritter på siden min". Dette feltet ligg under profilbiletet.

The screenshot shows the Facebook registration interface. At the top, there are fields for 'E-post' (Email) and 'Passord' (Password). Below these, a link says 'Legg inn' (Log in). A large blue button on the right says 'Registrer deg' (Register). To the left of the registration form, there's a promotional message: 'Facebook hjelper deg med å halde kontakten og dele ting med menneska i livet ditt.' Below this is a graphic showing a network of people connected by lines. The registration form itself has fields for 'Personnummer' (Person number), 'Etternavn' (Last name), 'E-postadresse' (Email address), 'Dato d. personfødsel' (Date of birth), 'Nytt passord' (New password), and dropdown menus for 'Gender' (Female/Male/Other) and 'Født' (Born). At the bottom of the form is a green 'Registrer deg' (Register) button.

Indre Hafslo Bygdalag:

# Takk til dugnadsglade sambygdingar

Dei siste åra har det blitt lagt ned ein fantastisk dugnadsinnsats på Indre Hafslo. Sjølv i ein hektisk kvardag har folk stilt opp og vore med å realisert ulike prosjekt til det beste for heile bygda.

Skulevegen frå Lambhaug: Vindehammarn har i alle år skapt siktproblem for både køyrande og gåande, og dette ynskte me å gjera noko med. Johannes Josvanger var hovudansvarleg for prosjektet, og han skaffa oss også økonomiske midlar. Silje Vinda som er grunneigar gav frå seg grunn gratis og Rolf Lie tok på seg jobben med å sprengje vekk hammaren. I tillegg vart mykje gjort på dugnad. Eit vel-lukka prosjekt, og elevane fekk ein tryggare veg.

Hausten 2008 blei både ball-binge og sandvolleyballbane ein realitet på Indre Hafslo. Folk var kjempeflinke og stilte opp. Dei stilte med både traktor,

hengar, vinkelclipar, bilaggregat, blandemaskin og ikkje minst rå muskelkraft. Dette har vorte eit flott område som er mykje brukt av både skule, barnehage og på fritida av små og store.

**Ungdomshuset Ljosvang** er ein viktig samlingsplass i bygda. Der har me ulike arrangement som til dømes bygda kafe, julegrantenning, 17. mai, fest, revy, skyting og utleige til diverse arrangement. Våren i fjor fekk Ljosvang ei «oppskining» utvendig. I løpet av ei veke var frivillige på plass og måla huset, og fint blei det. Sist haust starta me eit samarbeidsprosjekt, saman med IL Bjørn, med å ta ned den gamle lysløypa på Indre Hafslo. Stolpane sette me opp att som gatelys langs fylkesvegen gjennom bygda. Stor takk til grunneigarar som gav gratis grunn. Dette var eit stort pro-

sjekt og bygdefolket stilte opp med sin kompetanse, gravemaskin, lift, traktor, tømmerhengar, lastebil og 6-hjuling. Det var ingen problem å få folk ut i det hustre haustveret fleire dagar på rad. Alle kom med godt humør og god arbeidslyst, for dette var eit prosjekt heile bygda ville få til. Ronny Melheim som ikkje bur i bygda, men som er her ifrå, har lagt ned ein stor jobb med dette prosjektet.

Takk til Luster kommune som gav midlar til oss, og til alle som stilte med sin kompetanse slik at me no har fått lys gjennom bygda .

Indre Hafslo bygdalag vil med dette sende ei stor takk til alle som har vore med og delteke på ulike dugnader dei siste åra.

Dugnad gjer at idear og prosjekt kan bli ein realitet.

Dugnadsarbeid er sosialt og det skaper samhald.





# Molden Opp laurdag 18. juni

Førebuingane til Molden Opp 2011 er godt i gang, og laurdag 18. juni går arrangementet av stabelen. Sidan tilbakemeldingane frå fjarðarrets løp var gode, vil det meste gå føre seg etter same mal. Nytt av året er eit vidareutvikla og forbetra påmeldingssystem. Ein melder seg på via [www.moldenopp.no](http://www.moldenopp.no). Det er verdt å merke seg at påmeldinga ikkje vert registrert før startkontingenenten er betalt.

Deltakarlistene vil bli fortløpende oppdaterte på heimesida, slik at ein til ei kvar tid kan sjå kven som er påmeldt.

Kontingentsatsane er noko forenkla. Skulekonkurranse vert som i fjar, medan bedriftskonkurranse får klarare køyrenglar. Ein vil mellom anna dele bedriftene inn i ulike grupper

etter tal på tilsette. Kåring av vinnar av desse konkurransane vil føregå i hotellhagen på Tørvis under den ordinære premieutdelinga.

## Molden Opp i fjar

I juni 2010 vart motbakkeløpet Molden Opp arrangert for fyrste gong. Sjeldan har eit fyrsteårsarrangement fått så mykje merksemd i både lokale og nasjonale media. Dette var nok ein medverkande årsak til den fantastiske oppslutnaden. Heile 750 deltagarar, av desse 118 i konkurranseklassa, nådde toppen av Molden denne dagen. Molden Opp vart såleis eitt av dei største motbakkeløpa som gjekk av stabelen i 2010!

Det var deltagarar frå store deler av landet, men mest impo-

nerande var det faktum at lustringane ”gjekk mann av huse” for å støtte opp om arrangementet. Dei lokale bedriftene tok oppmodinga om å stille med flest mogeleg av sine tilsette på strak arm, og svært mange av dei var representerte med høge deltakarprosentar. Skulane i kommunen vart utfordra i høve til kven som hadde dei sprekaste elevane. Sidan skulane er svært ulike i storleik, vart dei delt inn i tre ulike grupper. Dei stolte vinnarane av kvar sine grupper var Solvorn skule, Indre Hafslo skule og Gaupne skule. Me håpar at lustringane er minst like spreke som i fjar, og at me er mange som kan treffast på toppen av Molden den 18. juni, oppmodar Molden Opp-arrangørane i IL Bjørn.

# Turorientering – for alle som ynskjer eit aktivt uteliv!

Sidan 1989 har trimguppene i IL Fanaråk, Luster IL og IL Bjørn samarbeidd om eit turorienteringstilbod i nedslagsfeltet til dei 3 laga. Det er i alt 45 postar frå Sognefjellsområdet til Kinsedalen, og frå Molden til stølar over Jostedalen. Såleis er dette eit godt tilbod til alle, både innfødde og tilflytta, som vil bli betre kjende i Lustranaturen. Blir du med på dette, vil du sikkert kome til stader du elles ikkje hadde oppsøkt. Du vil og få eit innblikk i tidlegare generasjonar sitt strev for føda på dei mange stølane og nedlagde gardane der det er plassert postar, eller som du passerer på vegen. Det er kome to nye postar i år; den eine på Åsmo, den andre på Jargolane. Gaupne Bygdalag har stått for ei storstila rydding og merking av stiar i området rundt Engjadalen. Dette vil alle som driv med turorientering ha stor glede av. Her kan ein få med seg mange poeng om ein planlegg ein litt lengre tur. Jargolane ligg og i dette området. Dei nye postane vil nok ikkje vere på plass før litt utpå året. Men finn du ikkje postane, kan du likevel notere dei på skjemaet dersom du har vore i området.

Skjema får ein no kjøpt på Kiosken i Gaupne og Jokerbutikken i Luster.

## 154 deltok i 2010

I fjor var det 154 deltagarar som leverte skjema ved årsskiftet. Dette var ein fin auke frå året før. Poengskjemaet gjev grunnlag for utdeling av merke i bronse etter eit år, sølv etter to og gull etter tre. Har ein greidd kraft til gull fleire år, vert det ei ekstra utmerking for kvart 5. år. Av dei som har vore med lengst, greidde tre deltagarar i 2010 gullkravet for 20. gongen. Gratuler med lang og tru teneste! Den yngste som var med, var 1 år. Den eldste over 80. På ettervinteren har 10 deltagarar vunne gåvepremie og like mange gåvekort på 250 kroner på Sport1-butikken i på Pyramiden. Desse vart utrekte på Luster lensmannskontor:


### Gåvepremier:

Ingrid Ødegård, Nanok comfort sovepose.  
Ole Magne Leirdal, Nanok comfort sovepose.  
Liv Sørheim, mattermos 1,5 l.  
Kirsten Sørheim, mattermos 1,5 l.

Gunn Kristin Alme, hoftesekk m/2 drikkeflasker.  
Dietmar Hillje, hoftesekk m/2 drikkeflasker.  
Anne Verlo, sitteunderlag m/termos.  
Kaspar Engen, sitteunderlag m/termos.  
Jørgen Vigdal, sitteunderlag m/termos.  
Christin Sønnesyn, sitteunderlag m/termos.

Desse vann gåvekort pålydande kr 250: Ella Orrestad, Svein Høyheim, Alice Solvoll Skare, Emilie Alme Ormberg, Erlend Tandle Kroken, Elin Ekrene, Bendik Eide Bukve, Ulrik Slinde, Hanna K.M. Edvardsen, Malene Leivdal Tandle.

Alle vinnarane ynskjer vi til lukke! Vonar det blir din tur neste år! Fint om vinnarane henter premiar og gåvekort på Jokerbutikken i Luster eller hjå Luster Radio Tv Service i Gaupne. Her vil ein og kunne hente medaljar og andre utmerkingar. Godt trimår til alle! Har du innspel - ta kontakt! er helsinga frå trimgruppene i IL Fanaråk, Luster IL og IL Bjørn.



Frå Børresteinen. Ein lang og bratt tur, men eit nydeleg utsyn.



Bading i kulp ved Fodnastølen. Asbjørnsnosi bak.



*Anders Bolstad og Norvald Hovland med JONSON i liten målestokk mellom seg.  
JONSON er alt i produksjon og vil bli avduka i sommar.*

## Jonsok - på sokkel i Skjolden

Skjolden bygdalag er no på god veg til å få realisert draumen om å få produsert og plassert kunstverket JONSON på moloen i Skjolden.

Dette er ein draum som starta på 80-talet då den amerikanske kunstnaren Kati Casida, med røter frå Luster, var på visting. Ho laga då ein liten modell av eit jonsokbål ved fjorden. Modellen blei stilt ut på Walaker i Solvorn, og då kom ideen om å produsera ein slik skulptur i full bål-storleik. Og no, tretti år etter, blir skulpturen ein realitet.

Denne flotte gåva til lustrasamfunnet frå Kati Casida vil passe fint inn på moloen i Skjolden der me har brunne jonsokbål i uminnelege tider, fortel Einar Galde og Anders Bolstad til Lustranytt. Ei arbeidsgruppe nedsett av Skjolden Bygdalag har arbeidd med å få realisert prosjektet og skaffe dei vel 500 000 kronene som kunstverket vil koste.

### Har garantert

Bygdelaget har garantert for den fulle kostnaden. Me har fått inn monalege bidrag frå Hydro, kraftlaget og banken, men det vantar enno litt. Me inviterer no til ei brei satsing for å finansiere "Jonsok" innan sommaren

2011. Både folk i bygda og andre er hjartelag velkomne til å yte eit bidrag, seier Einar Galde, som er den rette å kontakte. Kunstverket er alt under produksjon, og avdukinga vil skje ved jonsok. Då kjem også Kati Casida sjølv, som bur i Berkley i California.

### Blikkfang

Kunstverket vert eit flott blikkfang: Fire meter høgt, medrekna sokkel, raudt og i aluminium. Skulpturen skal lyssetjast, ytst på piren som leier elva frå Mørkridsdalen ut i Lustrafjorden - i enden av verdas lengste fjord – og der fjellet tek til.



# Fortun Treningsssenter opna

Fortun Treningsssenteret vart offisielt opna onsdag 29. desember 2010 ved at ordførar Torodd Urnes klipte snora, og Yngvar Andersen løfta 100 kg til stor applaus frå dei 170 frammøtte.

Yngvar fortalte om sin tilknyting til skulebygget. Han held også interessant foredrag om korleis du skal koma i gang med trening og korleis du skal trenarett, og mange fekk nok inspirasjon til å begynne å trenere.

Dei som har stått i front for å få til dette treningsenteret fekk blomster og mykje positiv omta-

le frå sponsorar og andre. I tillegg til kommunen, er det fleire som har støtta prosjektet.

- Det er kjempekjekt at alle er så positive. Ein stor takk til dei åtte som har sponsa oss med pengar og utstyr, seier Jan Erik Weka som er styreleiar i Treningsssenteret til Lustranytt. Desse er: Luster kommune, IL Fanaråk, Luster Sparebank, Hydro, Bedriftsidrettslaget, Luster Energiverk, Luster Treningsssenter og Yngvar Andersen.

Me har brukt ca. 500 dugnadstimar totalt på dette prosjektet.

## Stor interesse

Det har no gått eit par månader sidan opninga og treningssse-

ret syner seg å vere svært populært. Det er selt bortimot 70 kort, flest årskort, og ein heil del ”drop-in”. Utanom fastbuande i Fortun, Skjolden og Luster har me selt kort til utflytte som er heime her på ferie.

- Det lyser på Treningsssenteret både på dagtid og kvar einaste kveld. Eg kører nesten aldri forbi, utan at nokon er her og trenar, seier Weka, Dei som kjøper kort, får utdelt nøkkel og kan trenere når dei vil mellom kl. 06.00 og 22.00. Elles kan dei vere med på step kvar tysdag kl. 19.00, eller seniortrim kvar onsdag kl. 11.00.

Seniortrimmen har også sosialt samvær med kaffi og rundstykke etter trimøkta.





# Kunstlaget sine utstillingar i år

**Finn Graff, Mette Hellenes og  
Vanessa Baird.**

Tørvis hotell i tida 8 april t.o.m  
1 mai.

Tegnerforbundet og Norske  
Kunstforeninger har samarbeida  
om å setje saman ei tegneutstil-  
ling som vandrar i kunstfore-  
ninga rundt om i landet. Tre  
utprega tegnarar,

Finn Graff, Mette Hellenes og  
Vanessa Baird, er inviterte til å  
lage ei utstilling saman.

Den består av 30 verk – 10  
arbeid fra kvar tegnar.

Alle tre kunstnarane arbeider  
med eller har tilknytning til avis-  
tegning og illustrasjon.

Udstillinga legg vekt på formid-  
ling av avistegning/illustrasjon  
som ein særlig tilgjengelig kunst-  
art slik den når oss gjennom  
bøker, aviser og tidsskrift.

**Fotoutstilling med tema  
Harastolen på  
Lustramarknaden.**

**Bjarne Svanøe**

Gaupne hotell i veke 31 og 32.  
Svanøe bur på Svanøy i Flora  
kommune. Han hadde 2 maleri  
med på vandreutstillinga i nov.  
2010, og kjem no med eiga  
utstilling.


**Styret i Luster kunstlag:**  
Leiar. Marit Norheim.

Nestleiar: Marit Vøien Nes  
Sekretærer: Terje Reed

Sørensen  
Kasserar: Aud Molland

Sørensen  
Styremedlem: May Irene  
Fossheim

*Bileta på denne sida er frå  
amatørutstillinga på  
Lustramarknaden i 2010.*



# Hafslo Røde Kors Hjelpekorps 30 år

Fredag 4. februar 2011 markerte Hafslo Røde Kors hjelpekorps at det er 30 år sidan det «nye» korpset var skipa. 45 medlemer og innbedne gjester var samla til ein triveleg kveld i skyttarhuset på Hillestadstølen.

## Det gamle korpset

Hafslo RK hjelpekorps vart første gong skipa i 1950 som eit av dei aller første i Sogn. Johannes Lomheim helt eit svært interessant kåseri med flotte biletar frå skipinga og aktiviteten i det første hjelpekorpsset. Vi merka oss at tre av medlemene hadde delteke i Koreakrigen som sanitetsmannskap. Etter mange aktive år dabba aktiviteten av og korpset låg nede i fleire år.

Hafslo Røde Kors Hjelpekorps er i dag ein av fem avdelingar som utgjer Luster Røde Kors: Hafslo RK omsorg, Luster RK omsorg, Hafslo RK hjelpekorps, Luster RK hjelpekorps og Luster RK ungdom. Til saman har Røde Kors oppunder 500 medlemer i Luster, der mange er støttemedlemer. Dette gjer Luster til ein av dei største Røde Kors avdelingane i Sogn og Fjordane. Avtropande korpsleiar, Arne



*Under 30-årsmerkinga vart det delt ut blomster til dei som har vore med i hjelpekorpsset i alle 30 åra. F.v. Jarle Ovrid, Kåre Heggestad, Olav Grøteig og Arne Kvalen. Edin Lingjerde, Norvald Bakkken og Steinar Bruheim var ikkje til stades.*

Kvalen, hadde ein gjennomgang av aktiviteten etter at korpset vart starta på nytt i 1981. Det var stor interesse for å få igang att hjelpekorpsset, og etter skippingsmøtet den 15.01.1981 vart det halde 30 timars kurs i førstehjelp, der 39 personar fullførde. Desse vart alle aktive i korpset, og innan utgangen av 1981 hadde korpset 370 betalande støttemedlemer. I 1981 vart og Bregruppa i Jostedal ein del av hjelpekorpsset. Dette er ei spesialgruppe for redning på bre og fjell. Mange av medlemene i

denne gruppa er «utsjekka» som del av ei spesialgruppe for samarbeid med Sea King redninghelikopter, og blir utkalla direkte frå Hovedredningssentralen.

## Korpskveldar

Heilt frå starten og fram til i dag har første torsdag i månaden vore avsett til korpskveld med ulike aktivitetar som førstehjelp, samband og øvingar av ulike slag. I tillegg har korpset vore arrangør av ei rekke kurs og øvingar for eigne medlemer og for resten av fylket. Det siste var eit skredkurs i Hafslofjellet sist vinter med 31 deltakarar frå ulike hjelpekorps.

I 1986 vart det gjort avtale med kommunen om leige i Hafslo brannstasjon. Med påbygging av depot og møtelokale har korpset fått ein svært god tilhaldsstad. Seinare er det bygd beredskapshytte på toppen av skitrekket, og i 2010 lokale for utstyr og skadestove ved skisenteret. Med mange dyktige handverkarar og medhjelparar i dei fleste fag som medlemer, er alt arbeid opp gjennom åra utført som dugnad.



*Bilete frå kurset i redningsarbeid i snøskred i Hafslofjellet i mars. Her var det deltakarar frå ei rekke hjelpekorps i Sogn og Fjordane.*

## Til rådvelde for redningstenesta

- Hjelpekorpsset si viktigaste oppgåve er å stå til rådvelde for redningstensta, men og for kommunen. Årleg blir korpsset kalla ut 2-4 gonger til leiteaksjonar, ulukker eller redningsoppdrag. For det meste i eigen kommune, men vi har vore utkalla til dei fleste kommunane i Sogn, og i Sunnfjord og Nordfjord, fortel Arne Kvalen til Lustranytt.

- I 2010 vart vi utkalla til leiteaksjonar i Luster, Aurland og Fjærland. Når vi blir utkalla, er det basert på frivilligheit og utan vederlag. Vi får kun dekka utgifter til reiser og forbruk av materiell. Andre viktige oppdrag for hjelpekorpsset er førstehjelpsvakter ved ulike arrangement både sommar og vinter. Det største er Sognefjord Cup med årleg 30-40 «pasientar» innom teltet vårt, ulike skiarangement på Heggmyrane, og sist det nye Molden Opp.

Mange korpsmedlemer har engasjert seg i ulike samanhengar i organisasjonen, og i alt 9 av medlemane har hatt eller har viktige tillitsverv i ulike ledd i Røde Kors i Sogn og Fjordane. Det er god stabilitet i tal aktive medlemer, og 6 av medlemene har vore aktive i 30 år: Kåre Heggestad, Arne Kvalen, Olav Grøteig, Edin Lingjerde, Jarle Ovrid, Norvald Bakken og Steinar Bruheim. Med eit nystarta og aktivt Røde Kors ungdom ser rekryttinga og ut til å vera på plass.

## Styret

I forkant av 30 års markeringa vart det og halde valmøte. Styret for 2011 ser slik ut:

Korpsleiar Helge Stølen, operativ leiar Lars Solnes, administrativ leiar Morten Heggestad, styremedlemer Margrethe S. Røneid og Britt Elin Fossøy, varamedlemer Kenneth Kalhagen og Roger Vigdal

## Landsomfattande aksjon for norsk Seniordans

Seniordans Norge har som mål å gje tilbod om Seniordans til alle kommunane i landet.

Det offentlege helsevesenet har helsa tiltaket om Seniordans velkommen, og dei har stadfesta den stor helsevinninga som dans og fysisk aktivitet gir til eldre. Avdelingsansvarleg for fysisk aktivitet for eldre i Helsedirektoratet, Olov Belander, seier: "Seniordans er midt i blinken i vårt forebyggende arbeid for eldre". På landsbasis er det 13000 medlemar, fordelt på om lag 600 grupper/lag.


Seniordans er ikkje berre fysisk trim, men dansen gir også god mental trening. Her dansar ein etter instruksjon, slik at konsentrasjonen stadig blir utfordra. I tillegg er det sosialt.

Styret for Seniordans i Norge, Region Sogn og Fjordane, ønskjer ein eller fleire kontaktpersonar i kommunen med tanke på å få i gang Seniordans fleire stader. Ein kan delta på kurs og få med cd som ein kan nytte. Det er allereie ulike dansegrupper i kommunen, men det er ein mulegheit å få fleire i gang samt at dei som allereie har dansegrupper kan bli med i denne organisasjonen.

Vil ein veta meir om Seniordans Norge, kan ein lese meir på [www.seniordans-i-norge.no](http://www.seniordans-i-norge.no).

Dersom nokon er interessert i å bli med frå vår kommune, kan du kontakte:

Audun Takle  
6876 Lærdal  
57666372/41314977



# Påskeunderhaldning

Med revy på Indre Hafslo og i Jostedal



Biletet er henta frå revyen i 2009.

## "Ute av kurs"

Det nærmar seg påske og på Indre Hafslo er revygruppa i full gang med årets Palmerevy. Etter den store suksessen sist

gong vil me denne gongen ha 3 førestillingar: 2 førestillingar på palmelaurdag og 1 førestilling på palmesøndag. Namnet på revyen i år er "UTE AV KURS". Kva som ligg i den tittelen kan jo vera so mangt.

Ein flott gjeng med om lag 30 personar er med for å gjennomføre revyen i år. Det er mykje jobb å laga revy, men når me er så mange, og med så godt samhald, blir det mykje moro og, fortel revygjengen til Lustranytt.

## "Pudderludder i fritt fall"

Det vert tradisjonelle sprell i samfunnshuset i Jostedalen påskeafta, med både mat, revy og dans. Snøen spelar ein av hovudrollene i revyen i år, saman med skifolk frå kategoriane heilboms og halvboms. Sensuell zumbadans og mykje musikk står sentralt - me kan love 100% ukoordinerte samrørsler, og songtekstar som treff deg midt i naserota. Me ser tilbake på året som har gått, og ser framover mot åra som kjem - for det er ikkje måte på kva slags kunnskap ein vert utprøvd i når det bryggjer opp til quiz i Jostedalen. Kven kom til dømes på 37.plass i 15 km klassisk fischerski for inkjekjønn med alvorleg synsfeil den 20.januar i det herrens år 1912? For ikkje å snakke om bonusspørsmålet, og kva relasjon dette har til nedste Grov.



Glimt frå revyen i 2010.  
Foto: Sogn Avis.



## Norsk Brefestival i Jostedalen 2. – 5. juni

"Bratte bakkar og blenkande  
brear"

Fyrste helga i juni vert det  
nok ein gong Brefestival i  
Jostedalen. I år varar festiva-  
len i heile 4 dagar og kvar  
dag vert det langtur.

**Torsdag 2. juni – Ukjende  
perle på breen: Storenosi.** Vêr  
med kjentmann og

Tindevegleder Jostein Aasen  
frå Norgesguidene til ein av  
hans yndlingstoppar på  
Jostedalsbreen. Ein spesiell  
tur til ein topp svært få har  
vore på nord på  
Jostedalsbreen.

**Fredag 3. juni – Krundalen  
rundt på ski.** Skitur rundt  
fagraste u-dalen i verda, med  
tindevegleder og krundøl  
Steinar Bruheim frå Jostedal  
Breførarlag.

**Laurdag 4. juni – Vangsen  
spesial, "Åttetalsturen".**  
Vangsen frå ei heilt ny side  
med førar Bjørnar Bjørhusdal  
frå Fimbul Jostedal. Ein lang  
tur med fleire sjeldne nedkøy-

ringar.

**Søndag 5. juni – Breturen du  
drøymer om.** Usedvanleg bre-  
tur opp brefallet til  
Nigardsbreen med mannen  
som kanskje kjenner han  
aller best, Steinar Bruheim  
frå Jostedalen Breførarlag.  
Oppmøte: Breheimssenteret kl  
10.

Det vil og bli aktivitetar for  
ungane kvar dag med brevan-  
dring, klatring og buldring,  
nytt i år er ein dag ute for å  
lære meir om nasjonalparkar  
og vern saman med SNO.  
Heile programmet er enno  
ikkje klart men det vert meir  
aktivitetar, fest, moro og  
seminar. Komplett program  
kjem på  
[www.brefestivalen.no](http://www.brefestivalen.no).

## Kulturdagane Skjolden 28. og 29. mai

Som alltid er det siste helga i mai  
skjoldingane dreg i gang dei årle-  
ge dagane sine, i år laurdag 28.  
og søndag 29. mai. Temaet i år er  
Humor.

### Kort om programmet:

- Cruiseskipanlop. "M/S Saga Ruby" kjem til Skjolden laurdag 28.5 og ligg til kai kl 08.00-18.00 ved nye Skjolden Cruisekai.
- Kunstudstilling av Kristin Jameson. Mange har heng-  
ande kunst av den irske måle-  
rinna Kristin Jameson, som ei  
rekke gonger har søkt inspira-  
sjon i fjordlandskapet i kom-  
munen.
- Stand-up show med GT-Sara, Norges eldste standup-komi-  
kar. Gerd Thorrud kjem frå  
Dal ved Eidsvoll. Ho stod for  
første gong på ei scene då ho  
var 6 år. 80 år seinare held ho  
framleis på med å underhalde.  
Dei siste åra har karriera teke  
heilt av.
- Bryggjedans laurdag. Gruppa  
"Flying Shoes" frå Stavanger  
skal skape stemninga.
- Kabarèten "Kvinnfolkplager".  
Jotunheimen Underholdning  
kjem over fjellet med skode-  
spelar Endre Skjåk og Lars  
Bakke, Ole Foss og Reidar  
Svare som trakterar både  
gitar, fele, trekkspel og piano.  
Dette er rutinerte musikkarar  
frå den velkjende gruppa  
LoMsk. Å vere ungkar er slett-  
tes ikkje lett, men det motsette  
kan òg by på sine problem.  
Fire karar i kvar sin beste  
alder har gått fenomenet  
kvinnfolk etter i saumane og  
lagt seg opp erfaringar  
gjennom fleire år med brunst  
og frieri.



Bileta: Glimt frå Strandsitjardagane i fjor.



# "Fjordafurd" tema på Strandsitjardagane i år

Også i haust vil bygdelaget i Solvorn ha glede av å invitera alle til ei helg full av historie og aktivitetar. Suksessen med Strandsitjardagane var i fjor så stor at eit nytt arrangement var uunngåeleg. Helga den 23. - 25. september er satt av, og me håpar å sjå deg! Dette fortel leiaren i bygdelaget, Steffen Hilleren, til Lustranytt

Det vert som i fjor mogeleg å vandra fritt blant gamle naust, kjøpa lokale matvarer og ulike typar lokalt handverk. Kanskje vert det også noko teatralsk å sjå under dagane! Temaet i år er "Fjordafurd".

Det heile startar som i fjor med ein storslagen opning på Walaker Hotell fredag kveld. Her vert det ulike innslag med

mykje god historie samt servering av "kortsømt" fiskesuppe. Nytt av året er at arrangementet vert utvida med ein dag – til og med sundag, og på denne dagen vert det som ein avslutning arrangert ein liten og kulturell auksjon på godt gamalt vis!

Meir informasjon vil komma i god tid på førehand.





Frå venstre: Anders Ryssdal, Eline Orheim, Nils Gjerland, Gunnvor A. Sunde, Einar Målsnes, Torodd Urnes, Gerd Dvergsdal og Nils P. Støyva.

Foto: Tom Dybwad

## Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen

Det andre nasjonalparkstyret i Sogn og Fjordane er med dette på plass. Styret ønskjer at Norsk Bremuseum i Fjærland skal vere forvaltningsknutepunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark og at det blir kontorplace for nasjonalparkforvaltaren. Det er Miljøverndepartementet som endeleg avgjer lokalisering av forvaltningsknutepunkt.

Ordførar i Luster kommune, Torodd Urnes, vart vald til leiar i nasjonalparkstyret. Ordførar i Stryn, Nils P. Støyva, vart vald til nestleiar. I eit arbeidsutval vart i tillegg Eline Orheim frå Sogndal kommune valt inn.

### Styresamsetjing:

Ordførar Torodd Urnes, Luster kommune  
Ordførar Nils P. Støyva, Stryn kommune  
Ordførar Anders Ryssdal, Gloppen kommune  
Ordførar Nils Gjerland, Førde kommune  
Ordførar Gerd Dvergsdal, Jølster kommune  
Ordførar Einar Målsnes, Balestrand kommune  
Eline Orheim, Sogndal kommune  
Gunnvor A. Sunde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er sekretariat for styret inntil det blir tilsett nasjonalparkforvaltar.

Kontaktperson for nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen: Ordførar og leiar i nasjonalparkstyret Torodd Urnes



Frå venstre: Torodd Urnes, Rannveig Brennhaug, Rolv Kristen Øygard, Jorunn Eide Kirketeig, Simen Bjørgen. Anne Marie B. Jørانli var ikkje til stades.

Foto: Tom Dybwad

## Nasjonalparkstyret for Breheimen

Sogn og Fjordane sitt første nasjonalparkstyre skal ha ansvar for forvaltninga av Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og tilgrensande verneområde i Oppland.

Nasjonalparkstyret for Breheimen vart konstituert på eit møte på Statens Hus i Leikanger 19.januar 2011. Frå denne datoен overtok det nye nasjonalparkstyret forvaltningsansvaret for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde.

Ordførar i Skjåk, Rolv Kristen Øygard, vart vald til leiar. Ordførar i Luster, Torodd Urnes, vart vald til nestleiar. I eit arbeidsutval vart i tillegg Jorunn Eide Kirketeig frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og ordførar i Lom, Simen Bjørgen, valde inn.

### Styret består av:

Rolv Kristen Øygard (leiar, ordførar i Skjåk)  
Torodd Urnes (nestleiar, ordførar i Luster)  
Simen Bjørgen (ordførar i Lom)  
Rannveig Brennhaug, Skjåk Almenning  
Jorunn Eide Kirketeig, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Anne Marie B. Jørانli, Oppland fylkeskommune

Kontaktperson for nasjonalparkstyret for Breheimen: Ordførar Rolv Kristen Øygard, e-post: rolv.kristen.oygard@skjaak.kommune.no

Luster Pensjonistlag:

## Kåre Høyheim ny leiar

På årsmøtet til Luster Pensjonistlag vart Kåre Høyheim valt til ny leiar etter Johan Solheim som hadde sagt frå seg attval.

Dei andre i styret er: Elen Øygard, sekretær, Per Havreberg, kasserar, Inger Asheim, styremedlem, Johannes K. Lad, styremedlem. Varamenn: Per Kvam og Ingebrigts Vinda.

Laget hadde i fjor 74 medlemar, men tek mål av seg til å få fleire i år. Med det store tal pensjonistar som er i Luster, er potensialet for å auka medlemstalet stort, fortel Kåre Høyheim til Lustranytt.

Aktiviteten har vore rimeleg god, og på medlemsmøta er det både kulturinnslag og ofte loddosal i tillegg til godpraten rundt kaffikoppen. Ein gong i året har vi fellesmøte med Leikanger og Sogndal. Dei siste åra har vi også vore saman med Årdal pensjonistlag på julebord på Eikum Hotell. På ettersommaren pleier vi å ta ein fellestur i lag over 3-4 dagar. I fjor gjekk turen til Lillehamar. Så i laget vårt er det kjekt å vere, avsluttar Høyheim.



*Kåre Høyheim er den nye leiaren i Luster Pensjonistlag.*

## Eldreråda i Sogn på besøk til Luster.

Luster eldreråd skal vera vertskap for regionrådskonferanse for eldreråda i Sogneregionen mandag 23. mai. Samlinga vert halden på Eikum hotell på Hafslo.

Regionmøta vert arrangert i kommunane i Indre Sogn etter tur, og Luster var sist vertskap i 2002.

Tema for dagen vil vere:

- kosthald og ernæring for eldre
- korleis ein kan bruke Pasient- og brukarombodet.

Det skal vera underhaldning av lokale utøvarar og det vert planlagt eit besøk på husmannsplassen Fluga.

Luster eldreråd vil ønskja alle eldreråda i regionen velkommen til Luster!



## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk i høve Johanna Ombergsstøl si gravferd.

*Helsing*

Luster sjukeheimsteneste avd. Gaupne Margrete S. Røneid - Avdelingsleiar

\*\*\*

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk i høve Signe Myklemyr si gravferd.

*Helsing*

Luster sjukeheimsteneste avd. Luster Nina Holen - Avdelingsleiar

*Ruth viser korleis maten skal leggjast på fatet.*

# Flyktingar og flykting- kontaktar i Gaupne

Hausten 2010 fekk Gaupne ei stor gruppe nye innbyggjarar – flyktingar frå Eritrea. Dei er no vel busett og installert i husvære kringom i bygda. I alt er det 10 einslege menn og kvinner og ein familie med to små born. Dei fleste er kome godt i gang med integreringsprogrammet. Dette inneber at dei 3 dagar i veka får undervising i m.a. norsk og samfunnsfag i Sogndal. Ein dag i veka har dei også yrkesaktiv språktrening på ulike arbeidsplassar i Gaupne. Dei har alle eit sterkt ynskje om å læra seg norsk – og til det er det viktig at dei får kontakt med lokalbefolkinga og kan læra seg språket gjennom aktivt sosialt samvær. Det er også på initiativ frå flyktingkonsulenten og Orsi Szechey, Kyrkja i Luster, kome i gang eit tilbod om flyktingkontaktar. Føremålet med å vera flyktingkontakt er å letta flykt-

ningane sitt innpass i lokalmiljøet og samfunnet generelt. Det kan vera å ta dei med på ulike organiserte aktivitetar og rett og slett involvera dei i det sosiale miljøet i bygda. Flyktingane og flyktingekontaktane har også møtttest eit par gonger. Siste gongen var flyktingkontaktane invitert på

Eritreisk mat av beste sort. Det er framleis behov for nokre kontaktar – spesielt gjeld dette i høve aktivitetar knytt til ballsport som t.d. fotball, volleyball. Er du interessert i å vera flyktingkontakt, kan du kontakta: Orsi Szechey, tlf 57 68 56 49, 91776416, e-post: orsi@kyrkja.luster.no.



Fornøgde damer etter ei vellukka servering med eritreisk mat. F.v. Betty, Nazret, Feben og Simret.

## Informasjon

**Returadresse:**  
**Luster kommune,**  
**N-6868 Gaupne, Noreg/Norway**

NORGE



### Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag kl. 18.00 - 21.00

fredag kl. 18.00 - 21.00

søndag kl. 16.00 - 19.00

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

tysdag kl. 18.00 - 21.00

onsdag (medl. av Luster Revmatikarforening)

kl. 17.00 - 18.00

kl. 18.00 - 19.00 (funksjonshemma)

kl. 19.00 - 20.00

(eldre og evt. andre revmatikarar)

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.

LUSTER UNGDOMSSKULE

måndag kl. 17.00 - 21.00

onsdag kl. 17.00 - 21.00

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.



### Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt

Tysdag 10.00-16.00

Onsdag 10.00-16.00

Torsdag 10.00-17.00

Fredag 10.00-16.00

Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 09.00 - 16.00

Tysdag: 09.00 - 15.00

Onsdag: 09.00 - 15.00

SKJOLDEN tlf. 57 68 67 92

Frå 01.01.2011: Partalsveker:

torsdag kl 08.30-14.00.

Oddetalsveke 1:

tysdag kl 16.30-19.30

Oddetalsveke 2: stengt.

VEITASTROND

Måndag: 13.30-15.30



### LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2011

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnementar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. •Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 1. april 2011.

**Ansvarleg redaktør:** Rdmann Tore Eriksen  
Redaksjonerer lagt til Servicetorget  
v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragssytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:  
Luster kommune, Lustra nytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.  
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01  
E-post [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)  
Layout/trykk Hugvald Husabø Prenteverk as.  
Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto Sindre Kinnerød

### Viktige telefonnummer

Helsecenter/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

#### LEGEVAKT

- snarleg hjelpe utanom kontortida Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20

(Veg/vatn/kloakk) Tlf. 57 01 58 70

NAV Luster Tlf. 57 01 58 70

#### Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110

Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann Tlf. 112